

Håkon Sæterøy

# Organisering av utdanningsval - mellom politikk og praksis

Masteroppgåve i Skoleledelse

Veileder: Anna C. Rapp

Juni 2019



Håkon Sæterøy

# Organisering av utdanningsval - mellom politikk og praksis

Masteroppgåve i Skoleledelse  
Veileder: Anna C. Rapp  
Juni 2019

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for lærerutdanning







## Forord

Arbeidet med denne masteroppgåva har vore krevjande og interessant. Både min livsverden og mine erfaringar frå arbeidslivet har gitt meg inspirasjon og motivasjon til å skrive om temaet utdanningsval. Det er mange personar som har deltatt med sin kunnskap og velvilje for at denne oppgåva har komme i mål, det er eg takknemleg for. Først vil eg takke min rettleiar ved NTNU Anna C. Rapp, di positive innstilling, dine konstruktive tilbakemeldingar og di tålmodighet har vore heilt avgjerande for at eg kom i mål. Den måten du har perspektivert temaet utdanningsval på har ført blikket mitt framover, samtidig som det skapte motivasjon. Eg er vertfall glad for at du ikkje blei verdens beste skiløpar, for da trur eg at sjansen for at du hadde vorte min rettleiar hadde vore mindre.

Takk til alle som gjorde denne oppgåva mogleg, rektorar og lærarar på dei ulike skulane, elevane som deltok som informantar i spørjeundersøkinga og i gruppeintervju, informantane frå arbeidslivet og alle andre som har tatt seg tid til å snakke og reflektere med meg rundt temaet utdanningsval det siste året. Utan dykkar deltaking hadde ikkje dette arbeidet vore mogleg. Eg vil også takke administrasjonen, leiinga og kollega på den skulen eg arbeider. At de har vore med på å legge forholda til rette, vore positive og oppmuntra meg sett eg stor pris på. Takk også til med studentar på masterstudiet og forelesarar, de har tilført meg kunnskap om skuleleiing og inkludert meg i det sosiale fellesskapet som vi har hatt i Trondheim

Martin, Marie og Vibecke, eg forstår at det til tider ikkje har vore så enkelt å bu i lag med meg når eg har vore student, men no er det gjort. Takk for at de har vore tålmodige og har lagt forholda til rette, eg skal vere meir heime no. Vil også takke resten av familien min for støtte, barnepass, oppmuntrande ord og andre oppgåver som de har utført. Ein spesiell takk til Jan Ove Stene for korrekturlesing.

Brattvåg 26.05.2019

Håkon Sæterøy

## Innholdsliste

Forord .....	i
Samandrag .....	iv
1.0 Innleiing.....	1
1.1 Grunngeving for val av tema: Utdanningsval.....	2
1.2 Forskingsspørsmål og problemstilling.....	4
1.2.1 Avgrensing .....	5
2.0 Politikk retta mot utdanningsval.....	6
2.1 Styringsdokument.....	6
2.1.1 Lovverk .....	6
2.1.2 Forskrifter.....	6
2.1.3 Læreplanverket.....	7
2.2 Politisk initierte utgreiingar om utdanningsval.....	8
2.2.1 Stortingsmeldingar, Meldingar til Stortinget og NOU.....	8
2.2.2 Tiltrådingar for betre val. ....	10
2.3 Oppsummering av kapittel 2.....	11
3.0 Tidlegare forskning.....	12
3.1 Oppsummering kapittel 3.....	16
4.0 Teori .....	17
4.1 Neoinstitusjonell teori.....	17
4.2 Profesjonell kapital .....	18
4.3 Frie utdanningsval.....	19
4.4 Teoriar om karriereval .....	22
4.5 Oppsummering kapittel 4.....	24
5.0 Metode.....	25
5.1 Val av forskingsmetode.....	25
5.1.1 Pilot .....	26
5.1.2 Spørjeskjema .....	27
5.1.3 Gruppeintervju .....	27
5.2 Utval.....	28
5.3 Analyse av datamateriale .....	29
5.4 Etikk.....	30
5.5 Kvalitet i forskingsarbeidet.....	30
5.5.1 Refleksivitet .....	31
5.6 Oppsummering kapittel 5.....	31

6.0 Resultat .....	32
6.1 Funn forskings spørsmål 1 .....	32
6.1.1 Oppsummering av resultat forskings spørsmål 1. ....	35
6.2 Resultat forskings spørsmål 2 .....	36
6.2.1 Oppsummering resultat forskings spørsmål 2. ....	39
6.3 Resultat forskings spørsmål 3. ....	40
6.3.1 Oppsummering resultat forskings spørsmål 3 .....	42
7.0 Drøfting .....	43
7.1 Erfaringsbasert kunnskap .....	43
7.2 Samarbeid rundt elever sitt utdanningsval .....	46
7.3 Arbeidslivs faget, ei moglegheit .....	49
7.4 Lover og forskrifter .....	50
8.0 Oppsummering av problemstilling og avslutning .....	52
8.1 Det politiske perspektivet. ....	52
8.2 Elevar sitt perspektiv .....	53
8.3 Arbeidslivet sitt perspektiv .....	54
8.4 Konklusjon .....	54
Kjelde- og litteraturliste .....	56
Liste over vedlegg .....	61

## Samandrag

Opplæringslova (1998), forskrift til opplæringslova (2006) og Læreplanverket for Kunnskapsløftet (2006) gir føringar for korleis ein skal utføre yrkes- og utdanningsrådgevinga i skulen. Det blir også lagt opp til at skulen skal samarbeide med eksterne, som til dømes næringsliv og andre skuleslag, for at yrkes- og utdanningsrådgevinga skal bli så god og realistisk som mogleg (Forskrift til opplæringslova, 2006; Utdanningsdirektoratet, 2015b). Parallelt med desse føringane blir det publisert dokument som tar opp utfordringar som til dømes mangel på kvalifisert arbeidskraft og at for få elevar fullfører vidaregåande utdanning (Kunnskapsdepartementet, 2013; OECD, 2014).

Temaet for denne masteroppgåva i skuleleiing er utdanningsval, og målet med oppgåva er å forstå ulike perspektiv på utdanningsval. Dei ulike aktørane, elevane, arbeidslivet og politikken, har sine grunngevingar for korleis dei forstår temaet. Mitt arbeid skal skaffe fram kunnskap om korleis skulen kan legge til rette for samarbeid mellom aktørar for å auke kompetansen til elevar før dei skal gjere sine utdanningsval. For å få til dette, vil det bli tatt i bruk ein kombinert forskingsmetode, spørjeundersøking og gruppeintervju, som vil prøve å finne ut kva som påverkar elevar når dei utfører sine utdanningsval og korleis dei ulike rådgjevingsaktivitetane fungerer. Det vil også bli gjennomført gruppeintervju med skulen sine eksterne samarbeidspartane i rådgjevingsarbeidet; opplæringskontor, kommune og næringsliv, for å få kunnskap om korleis dei ser si rolle i arbeidet med elevar sitt utdanningsval. Resultata frå desse undersøkingane vil bli tolka i lys av tidlegare forskning, neoinstitusjonell teori, sosiologiske teoriar som aktør – struktur utfordringa, profesjonell kapital, teoriar om rasjonelle og irrasjonelle val og teoriar om karriereval.

Dei viktigaste funna i studien er at elevar deler seg inn i to segment, dei som er sikre på sine utdanningsval og dei som er usikre. Praktiske erfaringar som stemmer overeins med innhaldet i eit vidaregåande utdanningsprogram fører til gode og sikre utdanningsval for individet. Dei som ikkje har slike erfaringar er fortsatt usikre sjølv etter at dei har starta på vidaregåande. Arbeidslivet vil gjerne samarbeide med skulen om temaet utdanningsval, men det er avhengig av lærar som ønskjer dette, og arbeidet bør skje gjennom formelle aktivitetar.

## 1.0 Innleiing

Skulen har mange funksjonar, men litt grovt kan ein dele det inn i to. På den eine sida skal skulen skape humankapital gjennom å bidra til nasjonen si framtidige arbeidskraft, på den andre sida skal skulen bidra til å skape sosial integrering gjennom å legge til rette for elevane si danning, identitet og sosiale velvære. Desse to oppgåvene kan på nokre måtar forståast som to sider av same sak, men når det gjelder ungdommar sitt val av framtidig arbeidskarriere, er det langt ifrå sikkert at individet sitt val er i samsvar med storsamfunnet sitt behov for arbeidskraft. I følgje tidlegare utdanningsminister Torbjørn Røe Isaksen vil Noreg mangle nesten 90000 fagarbeidarar i 2035 om dagens utvikling held fram (Isaksen, 2018), og det vil også vere mangel på høgt utdanna arbeidskraft i framtida (Kunnskapsdepartementet, 2013).

I dette studiet er formålet å finne ut kva som påverkar elevar sitt val av vidaregåande utdanningsprogram i to kommunar i Møre og Romsdal fylkeskommune, og korleis dei ulike rådgjevingsaktivitetane som elevane har deltatt på fungerer. I desse to kommunane er det mange aktørar, som opplæringskontor, kommune og næringsliv, som er med på å arrangere rådgjevingsaktivitetane, og studiet tar også sikte på å finne ut korleis desse aktørane forstår utdanningsval til vidaregåande skule. Målsettinga er å bidra med kunnskap som kan ligge til grunn for korleis skular og skuleleiarar kan arbeide med elevar sitt utdanningsval i samarbeid med andre aktørar og at denne kunnskapen kan vere med å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring gjennom at elevane utviklar kompetanse innanfor temaet utdanningsval. Det politiske systemet i Noreg viser gjennom lovverk, forskrifter og andre publikasjonar kor viktig utdanning er for det enkelte individet og for nasjonen, og resultatet av dette forskingsarbeidet vil bli sett i samanheng med politiske føringar for utdanningsval.

Forskinga i studiet vil ta i bruk ein kombinert metode, spørjeundersøking og gruppeintervju, og forskingsarbeidet er forankra i sosial konstruktivistisk tradisjon, som tar utgangspunkt i at læring og kunnskap må relaterast til kultur, språk og fellesskapet som individet høyrer til (Irgens, 2016, s. 167). Det teoretiske perspektivet i oppgåva tar for seg korleis aktørar utfører sine val, neoinstitusjonell teori, profesjonell kapital og karriereteori.

Oppgåva har 8 kapittel. Kapittel 1 startar med ei innleiing og grunngevinga av tema. Det 2. kapittelet har fokus på det politiske perspektivet på utdanningsval, gjennom å sjå nærmare på lovverk og anna offentleg informasjon. Kapittel 3 er ein gjennomgang av relevant norsk forskning innanfor dette fagfeltet, og kapittel 4 inneheld det teoretiske perspektivet. Metode og forskingsdesign blir presentert i kapitel 5. Dette kapittelet forklarar korleis eg kom fram til resultat, korleis analysen blei utført og kva som er utført for å kvalitetssikre forskinga. Resultatet av studiet blir presentert i kapittel 6, og analyse og drøfting er å finne i kapittel 7. Kapittel 8 er ei oppsummering av problemstillinga og konklusjon.

### 1.1 Grunngeving for val av tema: Utdanningsval

Opplæringslova §1-1 seier blant anna at formålet med opplæringa skal vere at elevar og lærlingar skal utvikle kunnskap, dugleikar og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet (Opplæringslova, 1998). Kapitel 9 i Opplæringslova (1998) seier at rektor skal leie opplæringa og at kvar skule skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. § 9-2 i opplæringslova handlar om elevane sin rett til nødvendig rådgjeving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval. Opplæringslova er tydeleg på kva som er rektor og skuleleiinga sitt ansvar. Sjølv med desse føringane vert det stadig vekk peika på utfordringar med at ein ikkje klarer å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft eller at for få elevar fullfører vidaregåande utdanning som eit samfunnsproblem (NTB, 2018; OECD, 2014)

Skulen har som oppgåve å utvikle elevane sine kunnskapar og dugleikar, humankapitalen. Humankapitalen kan sjåast på som ein type kompetanse som eleven treng for å kunne delta i samfunnet, men også for å vere økonomisk nyttige for samfunnet i form av framtidig arbeidskraft. Humankapitalen er eit samfunnsøkonomisk omgrep som uttrykker befolkninga sin kunnskap og dugleikar, og den blir ofte brukt som ei av forklaringane for nasjonar sin velstand eller mangel på velstand (Abelia, u.å.; Isaksen, 2017). Arbeidet med elevane sin humankapital i skulen skal sikre Noreg høg levestandard for framtidige generasjonar og ruste landet for dei store utfordringane som ventar, som til dømes klimakrise og digitalisering. Skulen sitt arbeid skal ikkje berre sikre humankapitalen til nasjonen, det skal også bidra til elevane si sosiale integrering gjennom fokus på danning, identitet og sosial velvære (Utdanningsdirektoratet, 2018b). Begge funksjonane, både humankapital og sosial integrering, er viktig for å halde samfunnet på rett kjøl. Men

det betyr ikkje at alle elevar utfører sine utdanningsval i tråd med desse funksjonane, og det gjer at skulen hamnar i skvis mellom sine to hovudfunksjonar. World Economic Forum som har anslått at 65% av arbeidsplassane som dei unge som byrjar på skulen skal, inn i, er i næringer og eller jobbar som enno ikkje finst (Henta frå Kunnskapsdepartementet, 2017b). Skulen må derfor førebu elevane på eit arbeidsliv i endring og stadige krav til høgare kompetanse. Den viktigaste ressursen for nasjonalformunen i framtida ligg i kompetansen til befolkninga, seier Isaksen (2017).

Stortingsmelding 16 (2006) *..og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslanglæring* har blant anna fokus på å auke gjennomføringa innanfor vidaregåande utdanning, og det har vore eit satsingsområde for skulen det siste tiåret. Eitt av dei siste tiltaka for å auke gjennomføring i vidaregåande opplæring er KS (2019) si lansering av *utanfor-rekneskapen*, der det blir sett tal på i kroner kva det kostar samfunnet at unge hamnar utanfor. Grunngevinga for arbeidet med *utanfor-rekneskapen* er at ein ofte treng eit tal for å få gjennomslag i budsjettarbeid og for å kunne gripe inn og hjelpe før det er for seint. I tillegg er dei menneskelege konsekvensane for enkeltindividene enorme, og dei kan ikkje talfestast. Det kostar mindre å førebygge enn å reparere, både for enkeltmennesket og samfunnet rundt (KS, 2019). Viktige tiltak for å hindre fråfall er god rådgjeving til elevar, i tillegg til at skuleeigar og skuleleiing må vere medvitne ansvaret sitt. Det blir også trekt fram viktigheita av å førebu elevane når dei går frå eit utdanningsnivå til eit anna (Lillejord et al., 2015). Dette viser at arbeid med elevane sitt utdanningsval kan bidra med å auke gjennomføringa i vidaregåande skule om ein arbeider målretta med rådgjeving. I SINTEF sin rapport om rådgjeving i norsk skule kjem det fram at yrkes- og karriererådgjevinga er under eit konstant krysspress mellom dei ulike aktørane (Buland et al., 2011). Dette krysspresset opplever også skuleleiinga; dei skal ivareta elevane sine interesser og rettar, arbeidslivet sine behov og følgje dei politiske føringane som blir gitt. Etter at elevane har gjort sine utdanningsval 1. mars kvart år, blir det skuleleiinga si oppgåve å planlegge neste skuleår. Søkartala bestemmer kva utdanningsprogram som blir starta, og kva utdanningsprogram som ikkje blir sett i gong (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019).

Den vidaregåande skulen i lag med dei nærliggande; ungdomsskulane, opplæringskontor, kommunane og næringsliv samarbeider både formelt og uformelt for å etterleve krava som forskrift til opplæringslova stiller til yrkes- og karriererådgevinga, og for å sikre rekrutteringa til den vidaregåande skulen og arbeidslivet (Forskrift til opplæringslova, 2006, § 22-3; Utdanningsdirektoratet, 2015b). Nokre år fører dette til tilfredsstillande søking, medan det andre år ikkje er like tilfredsstillande (Vestly, 2019). Om ein ser dette over tid, kan denne mangelen på stabilitet føre til at den vidaregåande skulen blir svekka, både lærar og elevar opplever det som utrygt og vel heller andre vegar.

Denne studien går føre seg i to kommunar som ligg i ein fylkeskommune som har fritt skuleval og ei målsetting om at flest mogleg av søkjarane skal få sitt første val når det gjeld utdanningsprogram (Møre og Romsdal fylkeskommune, u.å.) . Frå eit elevperspektiv er dette rasjonelt om ein tenkjer på elevane sine ønske og motivasjon, men for arbeidslivsperspektivet kan det til tider verke irrasjonelt med tanke på at dei ikkje får tak i nok kvalifisert arbeidskraft. Ansvar for elevar si yrkes- og karriererådgeving krev fokus på at ein lever i ei verd som endrar seg fort, og det som er eit lurt val i dag, treng ikkje å vere det i morgon. Konjunktursvingingar og andre forhold kan føre til raske endringar, og det som er gode val for den enkelte eleven, med tanke på interesser og framtidige arbeidsutsikter, vil kunne endre seg raskt.

## 1.2 Forskingsspørsmål og problemstilling

Målsettinga med dette forskingsarbeidet er å bidra med kunnskap om korleis skular og skuleleiarar kan arbeide med elevar sitt utdanningsval i samarbeid med andre aktørar. Skular som får til eit godt og gjensidig samarbeid med arbeidslivet, og forstår dei ulike aktørane sine perspektiv, vil kunne bidra til å hindre fråfall og auke kompetansen til elevane rundt temaet utdanningsval. Dette vil igjen kunne medføre at elevar opplever utdanninga som attraktiv og det vil mest truleg bidra til å auke rekrutteringa til både skule og arbeidsliv. Problemstilling i oppgåva er:

### **Korleis kan ein forstå utdanningsval frå ulike perspektiv?**

Utdannings- og yrkesrådgjevinga sitt formål å utvikle elevane sin kapasitet for refleksjon og kritisk tenking, slik at dei utfører gode utdanningsval både for seg sjølve og samfunnet. Forskingsspørsmåla i dette arbeidet har som målsetting å finne ut av kva som påverka ungdom innanfor eit avgrensa geografisk område når dei gjorde sine val av vidaregåande



utdanningsprogram og korleis utdannings- og yrkesrådgjevinga påverka dei. Skulen samarbeider med andre aktørar for å gi elevane best mogleg yrkes- og karriererådgeving. Dette forskingsarbeidet ønskjer også å finne ut av korleis arbeidslivet oppfattar si rolle i utdanning- og yrkesrådgjevinga.

Dermed er det utvikla tre forskings spørsmål:

1. Kva faktorar var avgjerande når elevar på 10. trinn valde vidaregåande utdanningsprogram?
2. Korleis opplever elevar på 10. trinn dei rådgevingstiltaka dei har deltatt på i regi av vidaregåande skule og næringsliv?
3. Korleis oppfattar arbeidslivet si rolle i yrkes- og karriererådgevinga?

### 1.2.1 Avgrensing

Ambisjonen til forskingsprosjektet er å forstå utdanningsval frå ulike perspektiv. Den kvalitative og kvantitative undersøkingane som har vorte utførte, har tatt for seg to perspektiv; elev- og arbeidslivsperspektivet. I tillegg så ønskjer forskingsarbeidet å gi eit innblikk i kva lovverk, annan offentleg informasjon og tidlegare forskning seier. Grunngevinga for denne avgrensinga har sitt opphav i at ein organisasjon si verksemd må tilpasse seg situasjonen, forventningane og marknaden (Irgens, 2016, s. 94-95).

## 2.0 Politikk retta mot utdanningsval.

I innleiinga har det blitt påpeikt kor viktig utdanning er for utviklinga av nasjonen.

Kunnskapsdepartementet og politiske organ arbeider kontinuerleg med å gjere norsk skule betre. Styringsdokument, offentlege informasjon, samarbeid med internasjonale aktørar og ulike satsingar har som føremål å seie noko om korleis innhaldet i skulen skal eller bør vere. I dette kapittelet vil det politiske perspektivet på utdanningsval bli presentert.

### 2.1 Styringsdokument.

Norsk skule har tre sentrale og legale styringsdokument; Opplæringslova, forskrift til opplæringslova og Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06, inkludert den generelle delen av læreplanen). Læreplanane gjennomgår for tida ei fagfornyning, og målet med denne fornyinga er at læreplanane skal bli meir relevante for framtida. Dei nye læreplanane skal gradvis innførast frå skulestart i 2020, og den nye overordna delen av læreplanen er vedtatt, men den vil ikkje tre i kraft før dei andre delane av læreplanen er klare (Utdanningsdirektoratet, 2018b, u.å.) Denne oppgåva vil i liten grad ta omsyn til fagfornyinga sidan arbeidet med læreplanane går føre seg no, men der det er formålstenleg for innhaldet, vil fagfornyinga bli referert til. Styringsdokumenta gir føringar for korleis yrkes- og karriererådgevinga i skulen blir gjennomført.

#### 2.1.1 Lovverk

Opplæringslova § 3-1 sikrar alle ungdomar som har fullført grunnskulen, eller tilsvarende opplæring, ein rett til 3 år vidaregåande opplæring. Denne retten til opplæring gjeld fram til dei er fylt 24 år, og innanfor denne tidsperioden kan ungdomane også utføre eit omval og få utvida rett (Opplæringslova, 1998). Dette blir kalla ungdomsretten. I opplæringslova (1998) § 9-2 står det blant anna «Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval.» og innhaldet i denne retten blir betre forklart i forskrifta

#### 2.1.2 Forskrifter

I forskrift til opplæringslova (2006) § 22-3 står det at utdannings- og yrkesrådgjevinga har som formål å bevisstgjere og støtte eleven i val av utdanning og yrke og utvikle kompetansen til den enkelte til å planlegge utdanning og yrke i eit langsiktig perspektiv. Elevane har blant anna rett til rådgjeving og rettleiing mot val av utdanning og yrke,

utdanningsvegar, informasjon om nasjonale og internasjonale yrkesområde, bruk av rettleiingsverktøy, fristar og rettigheter og opplæring i jobbsøking. Yrkes og utdanningsrådgjevinga er ein prosess som skal skje i 8.-13. årstrinn der eleven gradvis skal bli bevisst sine eigne interesser, dugleikar og verdiar. Gjennom denne prosessen skal eleven utvikle kunnskap, sjølvinnsett og evne til slutningskompetanse, slik at han kan utføre sjølvstendige yrkes- og utdanningsval. Utdannings- og yrkesrådgjevinga skal vere eit samarbeid mellom ulike personar og instansar i skulen, men skulen skal også legge til rette for å trekke inn ekstern kompetanse, i den grad det er hensiktsmessig og mogleg. Ekstern kompetanse kan vere andre utdanningsnivå, lokalt næringsliv, karriererettleiarar og heimen. Dette målretta arbeidet skal utvikle eleven sine evner til å vurdere konsekvensar av val og førebygge feilval (Forskrift til opplæringslova, 2006).

Kapittel 6 i forskrift til opplæringslova handlar om inntak til vidaregåande og der står det at elevar som søker til Vg1 har rett til inntak på eitt av tre valde utdanningsprogram så lenge dei har ungdomsrett. Inntak til Vg2 og Vg3 skal vere i samsvar med det utdanningsprogrammet dei har gått Vg1 (Forskrift til opplæringslova, 2006). Frå skuleåret 2018 – 2019 blei det opna for at elevar som har gått Vg1 studiespesialiserande kan søke til Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram. Ordninga blir organisert som eit kryssløp i studiestrukturen. Rammene for dette er sikra med forskriftsstatus, og det er opp til skuleeigar å tilby dette, og ordninga skal evaluerast etter at den er utprøvd (Utdanningsdirektoratet, 2018a).

### 2.1.3 Læreplanverket

LK06 blei innført i august 2006, og der finn ein fleire delar som byggjer på kvarandre og skal sjåast i samanheng. Den klaraste satsinga på utdanningsval i dette læreplanverket blei vedtatt i juni 2008, og det var innføringa av faget Utdanningsval i ungdomsskulen, med ei timeramme på 113 timar (Andreassen, Hovdenak & Swahn, 2008). Opplæringa i faget skal gi elevane kompetanse i å ta val og å sjå interesser i samanheng med moglegheiter og krav i utdanningssystemet og arbeidslivet. Faget skal bidra til å styrke samarbeidet mellom ungdomssteget, vidaregåande opplæring og lokalt arbeidsliv, og i fellesskap skal ein gi elevane sjansar til å prøve ut og bli bevisst eigne interesser (Utdanningsdirektoratet, 2015b). Ny læreplan i faget Utdanningsval har vore ute på høyring, og i denne høyringa viser ein til den overordna delen av læreplanverket og det tverrfaglege temaet «folkehelse og livsmeistring». Ei av målsetjingane til temaet «folkehelse og livsmeistring» er at

elevane skal utvikle ein kompetanse i ansvarlege livsval (Utdanningsdirektoratet, 2018b, 2019).

Arbeidslivsfaget blei prøvd ut som eit pilotprosjekt frå skuleåret 2009 – 2010, og året etter blei prosjektet utvida. Frå skuleåret 2015/2016 blei Arbeidslivsfaget eit permanent tilbod, og ungdomsskular kan tilby faget som tilvalsfag i staden for framandspråk eller fordjuping i engelsk eller norsk. Faget er frivillig for skulane å tilby, skulane må sjølve vurdere behovet for faget og om dei har nok ressursar (Kunnskapsdepartementet, 2014). Kunnskapsdepartementet påpeikar at det er stort behov for faglært arbeidskraft innanfor ulike bransjar og sektorar, og eit sprik mellom kva utdanning ungdom vel, og kva utdanning det er behov for i næringslivet. Denne utfordringa vil ein prøve å løyse gjennom at elevane får møte yrkeslivet tidlegare gjennom Arbeidslivsfaget (Kunnskapsdepartementet, 2018). I læreplanen for Arbeidslivsfaget står det at formålet med faget er at elevane skal få kjennskap til fag- og yrkesopplæringa gjennom erfaring med arbeidsoppgåver henta frå ulike yrke. Opplæringa i faget skal innehalde praktisk arbeid med oppgåver frå yrkesfaglege utdanningsprogram som er tilpassa aldersgruppa, og opplæringa kan skje i samarbeid med fagmiljø på dei vidaregåande skulane eller i arbeidslivet (Utdanningsdirektoratet, 2015a).

## 2.2 Politisk initierte utgreiingar om utdanningsval

I tillegg til sentrale og legale styringsdokument viser norsk politikk interesse for å betre og revidere innhaldet i skulen gjennom å bestille både norske og utanlandske politisk initierte utgreiingar. Også i desse politiske utgreiingane blir det peika på viktigheita av at ungdom gjer utdanningsval som er i tråd med behova i samfunnet og kor viktig det er for individet å fullføre vidaregåande utdanning. Dette delkapittelet vil ta for seg noko av innhaldet i det som har vorte publisert om utdanningsval sidan LK06 blei innført.

### 2.2.1 Stortingsmeldingar, Meldingar til Stortinget og NOU

I Stortingsmelding 16 *....og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring*, blei det trekt fram at ei satsing på karriererettleiing kunne vere med på å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. God utdannings- og yrkesrådgjeving vil også vere med på å motverke sosial skilnad i val av yrke og utdanning. Utdannings og yrkesretteiinga er ei teneste som skal prøve å bidra til informasjon om, refleksjon rundt og motivasjon for dei

vala den enkelte blir stilt overfor når det gjeld yrke og utdanning (Kunnskapsdepartementet, 2006). Utdannings og yrkesretteiing blir trekt fram som ei viktig oppgåve også for arbeids- og velferdsetaten i Stortingsmelding 9 *Arbeid, velferd og inkludering*. Begge desse Stortingsmeldingane påpeiker at utdannings- og yrkesretteiinga bør ha ei tverrsektoriell tilnærming og at eit livslangt læringsperspektiv må vektleggast (Arbeids- og sosialdepartementet, 2006; Kunnskapsdepartementet, 2006).

I Stortingsmelding 44 *Utdanningslinja* (2009) kjem det fram at befolkninga sin kompetanse er den viktigaste faktoren for framtidig vekst. Om norsk næringsliv skal kunne hevde seg internasjonalt, må utdanningssystemet ha evna til å svare på arbeidslivet sine behov. Utdanningssektoren har som oppgåve å styrke Noreg som velferdssamfunn, hindre framvekst av nye sosiale skilje og utvikle kunnskap som kan vere med på å løyse dei globale miljø-utfordringane. Karriereretteiing blir trekt fram som eit sentralt element for å løyse utfordringane som blir tatt opp ovanfor. Det er ikkje enkelt å vite kva kunnskap ein treng om 20 eller 50 år, men eitt framtidstrekk er ein likevel relativt sikker på, og det er at ein vil ha eit kunnskapsbasert og kunnskapsintensivt arbeidsliv. Eit tett samarbeid mellom skule og næringsliv er ein føresetnad for at næringslivet sine behov blir fanga opp og ivaretatt, og for at ungdom skal velje utdanningar som er i tråd med eigne ønske og interesser, og med gode sjansar i arbeidslivet (Kunnskapsdepartementet, 2009). Kunnskapsdepartementet leverte i 2013 ei ny melding til Stortinget, *På rett vei*, og den kjem med ein del betraktningar om kva arbeidskraft ein vil trenge i framtida. Ufaglærte vil ha vanskelegare for å få fast arbeid i framtida, og faglærte har lettare for å få fast arbeid enn befolkninga elles. Framskrivningar viser også at Noreg vil mangle arbeidskraft med fag- og sveinebrev og personar med høgare utdanning (Kunnskapsdepartementet, 2013).

*Fag – Fordyping – Forståelse – En fornyelse av kunnskapsløftet* kom som melding til Stortinget i 2016 og den har høge ambisjonar for Noreg som kunnskapsnasjon. Regjeringa si satsing på kunnskap og kompetanse skal gi alle barn og unge moglegheiter til å utvikle seg og gjere seg nytte av sine evner og anlegg i både utdanning og arbeid, som igjen gir grunnlag for gode liv. Utdanning er nøkkelen til å skape eit inkluderande kunnskapssamfunn, og eit viktig verkemiddel for sosial utjamning. Utviklinga i arbeidslivet vil i framtida vere påverka av korleis vi utnyttar teknologi. Meldinga tar også for seg viktigheita av å fullføre vidaregåande utdanning, og at det er spesielt dei yrkesfaglege utdanningane og gutar som har størst utfordringar med gjennomføringa (Kunnskapsdepartementet, 2016). *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen* er også

tydeleg på at kunnskap er nøkkelen til framtida, både for det enkelte menneske og for heile samfunnet. Kunnskap gir barn og unge moglegheit til eit trygt og godt liv, til å bli aktive samfunnsdeltakarar og til å skaffe seg eit trygt og godt arbeid (Kunnskapsdepartementet, 2017b).

Liedutvalet blei nedsett 1.9.2017 og skal levere to NOU`ar som skal handle om vidaregåande utdanning. Den første blei levert i desember 2018 og heiter; NOU 2018:15 *Kvalifisert, forberedt og motivert*, og den beskriv sterke og svake sider ved dagens vidaregåande opplæring (Kunnskapsdepartementet, 2019; NOU 2018:15) . Også NOU 2018:15 peikar på tilbod og etterspørsel av kompetanse i arbeidsmarknaden og den problematiserer behovet som vaksne arbeidstakarar kan ha for utdanning fordi arbeidslivet er i endring. Hovudinnstillinga skal bygge på delinnstillinga og skal innehalde forslag til endringar i struktur, organisering og fagsamansetning i framtida si vidaregåande opplæring (Kunnskapsdepartementet, 2019).

### 2.2.2 Tilrådingar for betre val.

Det er ikkje berre gjennom lover, forskrifter og andre publiserte dokument politiske organ arbeider for å betre føresetnadane for elevar med tanke på utdanningsval og karrieremoglegheiter. Dei har sett i gang ulike tiltak både i samarbeid med næringslivet og internt i staten. Regjeringa har den siste tida satsa mykje på yrkesfag. Bakgrunnen for dette arbeidet er at både det offentlege og private bedrifter har eit stort behov for arbeidstakarar med fag- eller yrkesutdanning. I tillegg ønskjer Regjeringa å heve statusen til yrkesfag og få ned det høge fråfallet yrkesfaga slit med (Kunnskapsdepartementet, u.å). For å få til dette ønskjer ein å skape eit tettare samarbeid mellom vidaregåande opplæring og arbeidslivet. Regjeringa ser også at det er stort behov for fleire læreplassar. Det vil ein få til gjennom å auke støtta til lærebedrifter, fleire lærlingar i staten og krav til lærlingar hos bedrifter som leverer tenester til staten. I tillegg har Regjeringa og partane i arbeidslivet signert ein ny samfunnskontrakt der målet er at alle som er kvalifiserte, skal få seg ein lærekontrakt (Kunnskapsdepartementet, 2017a).

OECD kom i 2014 med sin Skills Strategy Action Report Norway. I denne rapporten kom ein med kritikk av karriererettleinga i Noreg, og sa at befolkninga var avhengig av høyre til eit offentleg tenestetilbod, som skule, universitet eller NAV for å få god karriererettleing. Anbefalinga frå OECD var å ta meir i bruk nettbaserte ressursar.

Denne rapporten kom også med andre anbefalingar som å styrke insentiva for personar som tar jobbar innanfor fagfelt der ein manglar arbeidskraft og at ein må lage ein heilskapleg strategi for Noreg, der ein inkluderer etter- og vidareutdanning (OECD, 2014)

Utdanning.no er den nasjonale nettportalen for informasjon om utdanning og yrke i Noreg, og innhaldet er ei kvalitetssikra oversikt over det norske utdanningstilbodet. Utdanning.no er ei teneste frå Senter for IKT i utdanning, og dette senteret er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (Utdanningsdirektoratet, 2018c). NOU 2016:7 *Norge i omstilling. Karriereveiledning for individ og samfunn* anbefaler ei vidare satsing på utdanning.no som nasjonal portal for utdanning og karriererettleiing, også for personar som er i arbeid under parolen livslang læring. Rapporten anbefalar også ei satsing på e-retteiing, der ein tar i bruk telefon, chat og spørsmål-svar tenester (NOU 2016:7). Utdanning.no skal ha nøytral informasjon og retteiing på sine nettsider der ein får svar på til dømes lønn, kjønnsfordeling og kva moglegheiter som er i framtida (Utdanningsdirektoratet, 2018c)

### 2.3 Oppsummering av kapittel 2

Det er liten tvil om at elevar sitt utdanningsval er på agendaen i norsk statleg styring av skulen, med ei tydeleg forankring i Opplæringslova (1998) og Forskrift til opplæringslova (2006), der ein peikar på viktigheita av at eleven utfører utdanningsval utifrå interesse, dugleikar, verdiar, evner og anlegg. Dei skal utvikle sjølvinnsikt og kompetanse i å gjere gode karriereval. Kva behov samfunnet har i framtida veit ein ikkje, derfor er sjølvinnsikt og kompetanse innanfor karriereval viktige premiss for livslang læring og endring. Arbeidet med utdanningsval har også til hensikt å bidra til å redusere feilval og gjere elevane til samfunnsborgarar med meiningsfulle liv.

### 3.0 Tidlegare forskning

I dette kapittelet vil det bli presentert ein del av den forskinga som har vore gjennomført om teamet utdanningsval i Noreg på 2000-talet. Forskinga som er utført, har hatt ulike innfallsvinklar for å forstå utdanningsval, og resultatata gir eit komplekst bilde av utfordringar knytte til utdanningsval.

Asbjørn Birkemo, professor ved Pedagogisk forskningsinstitutt i Oslo, gjennomførte seint på 1900-talet og tidleg 2000-talet ei stor undersøking på om lag 2000 elevar fordelt på 65 skular om kva som kjenneteiknar utdannings- og yrkesvalprosessen i ungdomsskulen, og kva dei unge sjølve meiner er avgjerande for dei val dei tar. Resultatet av det studiet viste at elevane la størst vekt på eigne interesser, evner og anlegg, og arbeidsmoglegheitene i framtida. 65% av elevane trekte fram eigne interesser som avgjerande, medan 52% var opptatt av evner og anlegg og 47% sa noko om arbeidsmoglegheitene (Birkemo, 2007). I tillegg til dette viste det seg at forhold i lokalmiljøet og råd frå dei eleven er i lag med, var mindre viktig. Av desse forholda kom utdanningstilbodet på den lokale vidaregåande skulen høgt opp. 25% av elevane meinte at det spelte ei rolle, og 13 % av elevane meinte at arbeidsmoglegheitene i nærrområdet til heimen var avgjerande. På botnen av kva som var avgjerande for utdannings- og yrkesvalprosessen kom rådgjevar på ungdomsskulen med 10 %, foreldre og søsken med 9 % og kameratar, foreldre sine yrke og media med 3-5 % (Birkemo, 2007).

NIFU STEP har på oppdrag frå 7 fylkeskommunar i Østlandssamarbeidet utført ei undersøking på 9749 ungdommar inn, gjennom og ut av vidaregåande opplæring i ein periode på fem år. Ungdommane gjekk ut av tidande klasse våren 2002, og blei følgde fram til hausten 2007. I NIFU rapporten blir det kartlagt og forklart gjennomføring, bortval og oppnådd kompetanse etter fem år i vidaregåande opplæring, for heile kullet generelt og for lærlingar spesielt (Markussen, Sandberg, Lødding & Frøseth, 2008). I denne undersøkinga er det fleire funn av interesse for denne studien. Det første ein kan trekke fram, er at det er større sjanse for jenter, 70,3%), å fullføre ei vidaregåande opplæring enn gutar (61,5%). Eit anna funn var at til betre utdanning foreldra hadde, til betre oppnådd kompetanse fekk ungdommen. Ungar til foreldre med høgare utdanning hadde 73,8 %, sjanse for å fullføre vidaregåande utdanning, medan ungar til foreldre med grunnskule utdanning hadde 49,4 %, sjanse til å fullføre yrkes- eller studiekompetanse. Andre faktorar ein kan trekke fram som positive for ungdom si gjennomføring av vidaregåande utdanning var at dei budde i lag med begge foreldra, fekk innfridd første ønskje ved val av



utdanningsprogram og at inntakspoeng og fráværingsprosent frå 10. klasse var avgjerande for om ungdom klarer å oppnå studie- eller yrkeskompetanse (Markussen et al., 2008, s. 12-14)

I ein rapport frå Senter for økonomisk forskning AS frå 2010 kjem det fram at karakterar frå grunnskulen er viktig for å kunne fullføre vidaregåande opplæring, og det har ein direkte positiv effekt på arbeidsmarknadstilknyting. Å fullføre vidaregåande har også ein positiv effekt på arbeidsmarknadstilknytninga, og det er med på å redusere sannsynet for å vere arbeidssøkar, mottakar av offentleg stønad og å komme i fengsel (Falch, Borge, Lujala, Nyhus & Strøm, 2010)

Ann Karin Sandal og Kari Smith (Sandal & Smith, 2010) har skrivne ein artikkel basert på ei kvalitativ undersøking av elevar på 10. trinn sine perspektiv på overgangen til vidaregåande opplæring. Elevane sine val kunne kategoriserast i tre hovudkategoriar. Den første kategorien var meistringserfaringar og eit ynskje om å «bruke hendene sine». Elevane hadde utvikla ein identitet og positive erfaringar gjennom å utføre praktiske aktivitetar. Grunngeving nummer to var eit framtidsretta perspektiv med tanke på arbeidsmarknad, løn og arbeidstilhøve. Grunngeving nummer tre var behovet for ei anna type opplæring enn deira tidlegare skuleerfaringar, som var teoretisk prega både i innhald og læringserfaringar (Sandal & Smith, 2010). Fleirtalet av elevane som ønskjer å velje eit yrkesfag, seier dei er motiverte av fritidsinteresser og interesse for aktivitetar som føregår utanfor skulen. Utplassering i arbeidslivet og hospitering hos vidaregåande skular blir trekte fram som positive aktivitetar i regi av skulen. Desse aktivitetane er viktige prosessar for val av framtidig utdanning fordi dei gir realistiske erfaringar. Erfaringane som elevane fekk på arbeidsplassen er viktige for å utvikle forståing om yrkeslivet og kva kompetanse som er nødvendig for ulike yrkestypar (Sandal & Smith, 2010).

Når det gjeld kven som er støttespelar for ungdommane når dei vel vidaregåande utdanning peiker alle på at dei diskuterer valet med sine føresette, men at dei gjer sjølvstendige val. Nokre elevar får avgrensingar i sine utdanningsval fordi dei av foreldra til dømes ikkje får flytte på hybel. Eit anna funn er at elevar på 10. trinn i varierende grad diskuterer valet av utdanningsprogram med medelevar og klassekameratar, og at desse ikkje er styrande for valet, men enkelte tar omsyn til å ha venner på same skule. Rådgevar på ungdomsskulen blir trekt fram som ein støttespelar som legg forholda til rette for hospitering, arbeidserfaringar og hjelper elevane med søknader og fristar. Faglærarar er i

ulik grad involverte i val av utdanningsprogram. Mange elevar trekkjer fram støttespelarar i det sosiale miljøet rundt elevane utanfor skulen som viktige for sitt utdanningsval fordi dei har vore med og skapt interesse, kunnskap og engasjement gjennom fritidsinteresser (Sandal & Smith, 2010).

I 2011 kom ein SINTEF-rapport der ein presenterte ei heilskapleg evaluering av skulen si rådgjeving i Norge. I denne evalueringa kjem det fram at yrkes- og utdanningsrådgjevinga er i eit kontinuerleg krysspress. Rådgjevinga skal møte krava frå elevar og føresette, frå skulen, lokalt og nasjonalt næringsliv og frå storsamfunnet. Elevane skal i størst mogleg grad få oppfylt sine ønske, realisere seg sjølv, ein god skulegang og legge eit godt grunnlag for eit meiningsfullt liv med god inntekt. Både lokalt og nasjonalt næringsliv ønskjer seg framtidig arbeidskraft med god kompetanse, men det er ikkje alltid kompetansekrava er like for lokalt og nasjonalt næringsliv. Skulane har også sine interesser. Det går blant anna på økonomi, dimensjonering av fagtilbod og tilgjengelege læreplassar. Samtidig som rådgjevinga skal ivareta desse interessene, så vil samfunnsutviklinga også ha behov for ulike typar val eller bestemte typar kompetanse, og desse behova er ikkje nødvendigvis i samsvar med næringsliv, skulen eller elevar sine kort og langsiktige interesser (Buland et al., 2011).

Rådgjevarane i skulen meiner sjølve at dei i hovudsak prioriterer elevane sine ønske, og at det er der dei bidrar mest. Buland et al. (2011) påpeikar at det kan vere behov for ytterlegare debatt og bevisstgjerjing rundt vektinga av ulike grupper sine interesser. Kjennskap til lokalt og nasjonalt næringsliv, og moglegheiter i arbeidsmarknaden er nødvendig for å kunne gi elevane gode råd. Rådgjevarar meiner også at det er ei utfordring å få frigitt elevane frå undervisning for å gjennomføre gode rådgjevingstiltak, fordi det går utover undervisningstid (Buland et al., 2011). Gode nettverk mellom grunnskulen, vidaregåande skular og arbeidsliv styrker rådgjevingsarbeidet. Å delta i slike nettverk kan føre til tilgang på nye ressursar, nye arenaer for læring og rådgjeving, rollemodellar og kompetanse på ulike nivå. Gjennom nettverket får ein tilgang til arbeids- og utplasseringsplassar, der elevane kan sjå og oppleve eit yrke i praksis (Buland et al., 2011). I ein anna rapport frå 2015 om rådgjeving påpeikar ein på nytt viktigheita av å ha eit godt bedriftsnettverk. Her blir yrkesfaglærarane sitt personlege nettverk trekt fram (Buland, Mathiesen & Mordal, 2015, s. 85). Utfordringa med personlege nettverk, om det er rådgjevar eller lærar, er at dei er sårbare om nokon sluttar i arbeidet sitt. Derfor kan det vere lurt med formelle samarbeidsavtalar, desse avtalane blir

oppfatta som ei god støtte for både lærarar og rådgjevarar (Buland et al., 2015).

Opplæringskontor blir framheva som ein sentral aktør i bedriftsnettverk.

Opplæringskontora, som er eigde av og representerer ulike bedrifter, gir skulen innpass i eit større bedriftsnettverk og dei har god kunnskap om lokalt og nasjonalt arbeidsliv sine krav og moglegheiter (Buland et al., 2015, s. 87).

Dei fleste som arbeider med rådgjeving i skulen, er opptatte av at dei ikkje skal gi konkrete råd. Samtidig er det ofte konkrete råd om yrkes- og utdanningsval elevane ønskjer. Dette opplever mange rådgjevarar som eit dilemma, men dei prøver å gi elevane prosessråd. Prosessråd er råd om korleis elevane best mogleg kan gjere sine egne val. Målsetjinga med yrkes- og utdanningsrettleiinga er å sjølvstendiggjere elevane, slik at dei kan finne egne svar og gjere gode sjølvstendige val (Buland et al., 2015, s. 99). I denne prosessen er realitetsorientering ein del av rådgjevingsoppgåva. Mange rådgjevarar trekkjer fram at realitetsorientering er vanskeleg. Dei ønskjer ikkje å knuse draumar, men utan nødvendig realitetsorientering vil elevane mest truleg oppleve mange nederlag (Buland et al., 2015, s. 100).

Faget Utdanningsval som elevane har i ungdomsskulen har mest truleg medverka til å auke fokuset på og arbeidet med yrkes- og utdanningsrådgjevinga. Innføringa av faget opplevast som ein styrke for å forankre rådgjevinga i skulen sin kjerneaktivitet. Yrkesval har kome inn i timeplanen til elevane, og det påverkar praksisen rundt om i skulane. Både elevar og rådgjevarar opplever vanlegvis faget som positivt, med eit klart potensiale til å bidra som grunnlag for å gjere gode utdannings- og yrkesval (Buland et al., 2011). Arbeidslivsfaget blei innført som eit pilotprosjekt i skulen frå 2009, og i 2013 kom NOVA med ein sluttrapport på dette prosjektet. Denne rapporten konkluderte blant anna med at faget rekrutterte i stor grad gutar med svake skulefaglege dugleikar, og at faget blei gjennomført som eit praktisk fag med store lokale variasjonar. Elevar og lærarar var godt fornøgde med korleis arbeidslivsfaget har fungert, og faget har representert ein læringsarena der fleire elevar har opplevd meistring i skulen. Arbeidslivsfaget hadde som hensikt å auke motivasjonen til elevane for andre fag i skulen, men dette klarer ikkje forskinga å sjå igjen i læringsresultat. Læringsresultatet har vore likt for elevar som har deltatt i arbeidslivsfaget, og for dei som har hatt fordjuping i språk. Lærarane som underviser i Arbeidslivsfaget har likevel ei oppfatning av at motivasjonen har auka. Rapporten kom også med nokre tilrådingar for framtida til arbeidslivsfaget, og ei av dei tilrådingane var at ein burde flytte faget frå klasserommet og ut i lokalmiljøet. Samarbeid

med lokale verksemdar vert opplevd som meir relevant for elevane (Bakken, Dæhlen & Smette, 2013).

I ei nasjonal kartlegging av unge sine utdannings- og yrkesval frå 2015 utført på oppdrag for senter for IKT i utdanning, viser det seg at dei fleste unge søker informasjon om utdanning på nettet. Og at diskusjonsforum, nettsider og anna relevant informasjon om utdanning på nettet er med på å påverke ungdommar sitt utdanningsval. (Holst, Rathe & Pran, 2015).

### 3.1 Oppsummering kapittel 3

Forsking har hatt ulike perspektiv på utdanningsval, men fleire peikar på at interesser, skuleerfaringar, praktiske erfaringar, framtidsutsikter, evner og anlegg er avgjerande for kva vidaregåande utdanningsprogram dei unge vel (Birkemo, 2007; Sandal & Smith, 2010). Elevane som skal velje vidaregåande utdanning, er fornøgde med rådgjevingstenesta, men rådgjevingstenesta opplever eit press frå dei ulike interessentane i elevar sitt utdanningsval. At rådgjevar deltek i nettverk med vidaregåande skular og næringsliv er positivt, fordi da får dei tilgang til andre arenaer i rådgjevinga (Buland et al., 2011; Buland et al., 2015). Innføringa av faget Utdanningsval og Arbeidslivsfaget har truleg auka fokuset på utdannings- og yrkesrådgjevinga, og vore positivt for elevane (Bakken et al., 2013; Buland et al., 2011). Å gjennomføre vidaregåande utdanning er positivt for arbeidsmarknadstilknyttinga og reduserer sannsynet for å vere arbeidsledig, uføretrygda og komme i fengsel (Falch et al., 2010). Det er mange faktorar som spelar inn på gjennomføringa av vidaregåande opplæring, ein kan nemne kjønn, foreldre si utdanning og sosioøkonomisk bakgrunn (Markussen et al., 2008). IKT kan hjelpe elevar når dei skal utføre sine utdanningsval (Holst et al., 2015).

#### 4.0 Teori

Den teoretiske tilnærminga til tematikken utdanningsval vil i denne studien vere å studere dei kontekstuelle føresetnadene for eleven sitt val. Utgangspunktet mitt er at eleven sitt utdanningsval blir påverka av institusjonelle omgjevnader, som skule, opplæringskontor, arbeidsliv og politikk. Når ein har dette perspektivet, eignar det seg å ta i bruk neoinstitusjonell teori som analytisk verkty. Dette gjer ein fordi politiske intensjonar for utdanningsval må omsetjast for å nå elevane, både tolkinga og omsetjinga i praksis kan derfor sjå forskjellig ut i ulike institusjonar.

Fleire organisasjonsteoriar påpeikar betydninga av at ein organisasjon tilpassar seg omgjevnadene og kva kunnskap medarbeidarane i organisasjonen må inneha for å kunne samarbeide internt i, eller mellom organisasjonar, for å klare å formulere om mål til praksis. Eg vil derfor å sjå litt nærmare på organisasjonsteori, og Hargreaves og Fullan (2016) sitt omgrep «profesjonell kapital».

Når det handlar om skulen si moglegheit til å hjelpe elevane i sine utdanningsval, er det nyttig å forstå korleis elevar tenkjer når dei utfører sine val. Er prosessen som elevane går gjennom rasjonell eller er den irrasjonell? Dette kapitlet vil også sjå nærmare på teoriar som handlar om karriereval.

#### 4.1 Neoinstitusjonell teori

Neoinstitusjonell teori belyser korleis menneskje og organisasjonar handlar utifrå det som blir tatt for gitt og korleis dei blir påverka av andre aktørar i sin nærleik. Organisasjonar tilpassar seg reglar, både formelle og uformelle, i staden for å gjere eigne rasjonelle, målretta val, sjølv om den formelle organisasjonen framstår som veldig rasjonell i sin formelle framtoning. Hovudfokuset i neoinstitusjonell teori ligg på korleis organisasjonar blir påverka av sine institusjonelle omgjevnader, og korleis organisasjonar tar stilling til og handterer idear om forandring, slik som for eksempel politiske føringar om utdanningsval og korleis desse blir omsett i praksis (Christensen, Læg Reid, Roness & Røvik, 2010; Sahlin & Wedlin, 2008) Institusjonell teori blir eit alternativ til den instrumentelle teorien som ser på organisasjonen som eit rasjonelt verkty (Zetterquist, 2009, s. 5). Den amerikanske organisasjonsforskarer Philip Selznick trekker eit skilje mellom institusjon - som dei uformelle normene og verdiane, som veks fram i ein institusjonalisert organisasjon, og organisasjon – som dei formelle normene og verdiane ein finn i ein instrumentell organisasjon (Selznick, 1957). Når organisasjonar blir institusjonaliserte aukar

kompleksiteten i organisasjonen, og det kan føre til at organisasjonen får ein svekka fleksibilitet og blir mindre tilpassingsdyktig når dei står overfor nye utfordringar. Men i institusjonaliserte organisasjonar kan også medlemene i organisasjonen utvikle sterkare sosiale fellesskap, og få tilført kvalitetar som kan føre til at organisasjonen blir i stand til å gjennomføre meir komplekse oppgåver (Christensen et al., 2010, s. 52).

Meyer og Rowan (1977) forklarar at organisasjonar ofte framstår som isomorfe, fordi dei blir prega av mytar som gir organisasjonane gjennomtenkte, rasjonelle og legitime argument for kva dei gjer. Samtidig er organisasjonane i praksis ofte laust kopla frå kva dei gjer i praksis. Neoinstitusjonalismen viser korleis samfunnet og organisasjonsfeltet påverkar enkelte organisasjonar, men den legg også vekt på at stabilitet og homogenitet fører til at endring blir mindre synleg (Eriksson-Zetterquist, Kalling, Styhre & Woll, 2014; Meyer & Rowan, 1977; Powell & DiMaggio, 1991). For å forstå korleis offentlege organisasjonar er etablerte, vedlikehaldne og endra er det nyttig å forstå organisasjonen som noko som utviklar seg i eit komplekst samspel mellom planlagde strategiar, kulturelle normer og eksterne krav. I møte mellom planar, kulturar og eksterne krav skjer transformasjon slik at reformer blir formulert om, tilpassa, modifiserte og omsette til organisasjonen sin kontekst (Christensen et al., 2010)

#### 4.2 Profesjonell kapital

Systemteori peikar på at organisasjonar er system med ei kompleks omverd som dei må tilpasse seg. Skulen som organisasjon er for eksempel avhengig av samspelet mellom dei ulike aktørane i omgjevnadene. I skulen skjer denne tilpassinga blant anna gjennom påverknad som kjem gjennom elevmangfald, budsjettmidlar, lokalt næringsliv, læreplanar og anna informasjon som departementet bidreg med (Irgens, 2016). I denne tilpassingsprosessen er skuleorganisasjonen avhengig av dei tilsette sin «intellektuelle kapital», dei immaterielle verdiane i organisasjonen. Skulen si utvikling er avhengig av den interne skuleorganisasjonen sin struktur-, human- og relasjonskapital (Irgens, 2016, s. 100). Hargreaves og Fullan (2016) har i boka *Arbeidskultur for betre læring* i alle skular eit nokså likt perspektiv for kva kapital skular treng. Dei samlar desse kapitalane i omgrepet *profesjonell kapital* (Hargreaves & Fullan, 2016).

Profesjonell kapital går ut på å kombinere tre ulike typar kapital; human-, sosial- og avgjerds kapital. Desse tre kapitalane har samanheng, og er derfor med på å forsterke kvarandre. Humankapital i skulen handlar om å ha og å utvikle nødvendige kunnskapar og dugleikar. I tillegg dreier det seg om å inneha entusiasme og moralsk engasjement for alle elevar og innhaldet i skulen og eit ønskje om å ha ei positiv yrkesutvikling. Humankapitalen viser til individuelt talent. Sosial kapital er relasjonar mellom menneske, og viser til kvaliteten og kvantiteten på interaksjonar og sosiale relasjonar. Gode sosiale relasjonar er også med på å auke kunnskapen din, fordi den gir tilgang til andre sin humankapital. Andre positive effektar av sosial kapital er at sannsynet for at alle i organisasjonen følgjer dei same normene og dei uskrivne reglane for åtferd, og det kan skape ei kjensle av plikt, forventning og tillit. Profesjonalitet handlar om å ta gode avgjerder, avgjerds kapital. Denne kunnskapen tileignar og akkumulerer ein seg gjennom erfaringar, praksis og refleksjon. Ein blir profesjonell gjennom å ta gode avgjerder i situasjonar der det ikkje er bestemte reglar eller føringar. Avgjerds kapitalen vert auka ved at ein reflekterer over andre si innsikt og erfaring, dermed blir sosial kapital ein del av avgjerds kapitalen (Hargreaves & Fullan, 2016).

Profesjonell kapital kan vere ein individuell kapital som den enkelte skuleleiar, lærar eller personar i næringslivet innehar. Irgens (2016, s. 100) påpeiker at det også er ein kollektiv kapital som organisasjonar er avhengige av for å få til utvikling. Det er også grunn å hevde at ein er avhengig av profesjonell kapital på tvers av dei ulike organisasjonane som samarbeider om elevane sine utdanningsval. Gode utdanningsval kan vere avhengige av den samla profesjonelle kapitalen som politikarar, skuleeigarar, næringslivet, opplæringskontor, skulen og andre interessentar innehar.


### 4.3 Frie utdanningsval

Aktør – struktur utfordringa er ein sentral tematikk innanfor sosiologien, og det er spenninga mellom aktøren, mennesket og strukturen, samfunnet, som er i fokus. Kort sagt kan ein seie at dette problemet stiller spørsmål ved om det er aktørane som skaper samfunnet eller om aktørane er skapte av samfunnet. Mange teoretikarar innanfor samfunnssteori har prøvd å løyse aktør-struktur problematikken gjennom å bygge teoriar der svaret ofte er både og, men aktørane blir sette på som meir eller mindre rasjonelle.

Elevar som skal velje vidaregåande utdanningsprogram kan på mange måtar sjåast som aktørar, dei kan fritt velje utdanningsprogram utifrå eit regelverk. Regleverket er laga av det politiske organet som er ein institusjonell leverandør som også kjem med tilrådingar om kva utdanningsval som kan vere lure. I tillegg så må elevane tilpasse seg lokal organisering som vidaregåande skular og lokalt næringsliv. Desse normene som på ulike måtar styrer aktørane sine frie val, utgjør det strukturelle perspektivet. Enkelte elevar vil mest truleg ha høgare grad av aktørskap, medan andre er meir styrte av strukturar, når dei utfører sine utdanningsval. Eit humanistisk, konstruktivistisk aktørperspektiv handlar om å ta subjektiviteten til mennesket på alvor, og at ein ikkje berre kan fokusere på samfunnsinteressene (Irgens, 2016, s. 190). Den amerikanske sosiologen Talcott Parsons sin voluntaristiske handlingsteori ser på mennesket som sjølvstendig og aktivt handlande aktør som samtidig er underlagt strukturen sine ytre vilkår som ein ikkje kan bestemme over. Menneske er med andre ord ein «aktør i situasjon» der aktøren fritt kan velje, men vala er alltid avgrensa av dei sosiale og fysiske rammene i situasjonen (Aakvaag, 2008)

Teorien om rasjonelle val (TRV) blei til som ein reaksjon på eit sterkt fokus på sosiale strukturar og kollektivistiske forklaringar, formålet var å setje aktøren i sentrum. TRV byggjer på for det meste på to teoretiske grunnprinsipp. Det første prinsippet er *metodologisk individualisme*, alle sosiale fenomen skal grunngjevast som eit resultat av individuelle aktørar sine handlingar. Prinsipp nummer to er at alle menneskje er rasjonelle i den forstand at det ligg ei grunngjeven mål – middel – kalkyle som grunnlag for handlingar (Aakvaag, 2008, s. 97).

Figur 1. Teorien om rasjonelle val



*Teorien om rasjonelle valg (Aakvaag, 2008, s. 102).*

Ønske kan definerast som framtidige tilstandar som aktøren ønskjer å realisere, og dei kjem til uttrykk gjennom ei evne til å rangere forskjellige handlingsalternativ etter ønskjelege utfall. Ønske motiverer til handling og er dermed drivkrafta bak handlinga. TRV påpeikar ein del formelle krav til rasjonelle val, *dei skal vere logisk konsistente, ha*



*konkret innhald og det er krav til korleis dei har blitt til. Ønske og preferansar kan vere både egoistiske og altruistiske (Aakvaag, 2008, s. 102-103).*

Aktøren si oppfatning er den kunnskapen han eller ho har om verda. Det gjeld spesielt når situasjonen som ligg føre har handlingsalternativ og konsekvensar som følgje av handlingane. Når ein analyserer menneskelege handlingar, er oppfatningar viktige fordi menneske ikkje handlar på grunnlag av korleis verda objektivt er, men korleis ein subjektivt opplever den. At oppfatning er basert på informasjon, vil ikkje seie at oppfatninga stemmer med verkelegheita, men at den tar utgangspunkt i all informasjonen ein har. Aktøren må ha tilstrekkeleg med informasjon for å kunne ha rasjonelle oppfatningar. Til slutt må oppfatningar vere upåverka av ønske. Er ei oppfatning prega av ønske blir det ønsketenkning (Aakvaag, 2008, s. 107-109). Oppfatningar og ønske er styrande for handlingsvalet. Handlingsvalet er det som løyser ut handlinga. TRV seier at handlingsvalet blir avgjort etter ein gjennomtenkt prosess som sett i verk det beste moglege alternativet med tanke på å realisere ønske i lys av oppfatning. Det er ikkje nok at ønske og oppfatningar er rasjonelle, men også handlingsvalet må vere rasjonelt i TRV. Aktøren må velje det beste alternativet, og det beste alternativet er det som utifrå aktøren sine oppfatningar, er det beste middelet for å nå eit mål. (Aakvaag, 2008, s. 109-110).

Den svenske organisasjonsforskaren Nils Brunson kritiserer teorien om rasjonalitet innafor organisasjonar. Han meiner at ein avgrensar fokuset til å ta rette avgjerder, og at ein ikkje ser det i handlingssamanheng. Dette grunngir han med at rasjonelle avgjerder ikkje alltid er eit grunnlag for føremålstenelege og vellykka handlingar. I staden argumenterer han for ein handlingsrasjonalitet, og når ein skal ta avgjerder er det eit behov for irrasjonalitet. Handlingar er avhengige av motivasjon og forplikting, og det fordrar igjen positive forventningar. Rasjonelle avgjerdsprosessar der ein leitar etter handlingsalternativ og evaluerer alternativ, skaper tvil og lite tryggleik gjennom at dei som skal ta avgjerda må vurdere motstridane alternativ som ikkje stemmer overeins. Når alle positive og negative konsekvensar av dei ulike alternativa skal takast i betraktning, vil tvil og usikkerheit auke, noko som igjen kan få negative konsekvensar for motivasjon og handlingsvilje. Denne prosessen fører til diskusjon og forvirring, og konsekvensen av det er at ein undergrev forventningane til eit vellykka utfall (Brunsson, 2007; Hatch, 1997).

Brunsson følger opp sin analyse av handlingsrasjonalitet kontra avgjerdsrasjonalitet gjennom tre trinn som han samlar under omgrepet avgjerleirrasjonalitet. Trinn 1 er å analysere nokre få alternativ, og det beste er at berre eit av alternativa har sjansen til å bli akseptert. Det 2. trinnet er å fokusere berre på dei positive konsekvensane av det føretrekte alternativet, dette reduserer tvilen og styrkar forventningane. Det siste trinnet er å ikkje formulere måla på førehand. I staden skal ein reformulere dei uttalte konsekvensane av det det føretrekte alternativet, noko som igjen kan føre til auka motivasjon og oppslutning (Hatch, 1997, s. 308-309). I motsetnad til TRV så viser denne teorien at aktørar kan handle irrasjonelt når dei står overfor komplekse val, men likevel få auka motivasjon og oppslutning for det valet dei utfører.

#### 4.4 Teoriar om karriereval

Ungdommar som skal velje mellom ulike utdannings- og yrkesmoglegheiter bør orientere seg om kva moglegheiter og avgrensingar som er i arbeidslivet, eigne evner og dei ulike yrka sine preferansar. I denne prosessen vil ungdommane bli påverka av sosiale krefter, krav og forventningar frå blant anna storsamfunnet, lokalt arbeidsliv, familie og lokalmiljø og sine eigne avgrensingar (Birkemo, 1997, s. 8)

Frank Parsons ga ut boka, *Choosing A Vocation* i 1909. Utgivinga av denne boka blir rekna som starten for arbeidet med karriererådgeving og utgangspunkt for nyare karriereteoriar (Svendsrud & Hagerup, 2011). Parsons sin karriereteori trekkjer fram tre sentrale faktorar som er avgjerande for yrkesval. Den første faktoren er *kjennskap til seg sjølv*. Det inneber ei forståing av seg sjølv, eigne interesser, anlegg, ressursar, ambisjonar og avgrensingar, og årsakene til dette. Faktor nummer to er *kunnskap om arbeidslivet*, kva er krava og suksesskriterium i arbeidslivet. I denne faktoren finn ein fordelar og ulemper, lønn og framtidsutsiktene innanfor ulike yrkesområde. Den siste faktoren er *sann resonnering*, denne faktoren er på bakgrunn av dei to første faktorane når dei blir sett på i samanheng (Andreassen et al., 2008, s. 100; Svendsrud & Hagerup, 2011).

John Krumboltz kom på midten av 1970 – talet fram med ein sosial læringsteori om avgjerd i karriereval. Sosial læring er sentral i Krumboltz sin teori, og den tar utgangspunkt i at ein lærer gjennom observasjon og direkte erfaringar. Livserfaringar er avgjerande for dei vala ein tar, og erfaringane er knytte til individet sin kjennskap til seg sjølv, sine preferansar og arbeidslivet. Erfaringane kan vere både direkte og indirekte. Når ein skal

igjennom ein karrierevalsprosess (decision making process) inneheld den fire faktorar; *individuelle faktorar, miljømessige faktorar, læringserfaringar og problemløysingsdugleikar* (Andreassen et al., 2008, s. 111-112; Krumboltz, Mitchell & Jones, 1976).

Individuelle faktorar som intelligens, kjønn, etnisitet, sosioøkonomisk bakgrunn, fysikk og spesielle anlegg, kan påverke og avgrense valmoglegheiter. Dei bidrar til individet sine yrkespreferansar. Miljømessige faktorar er utanfor elevane sin kontroll, men dei er likevel viktig i eit rådgjevingsperspektiv, sidan dei er med på å påverke elevane sine utdanningsval. Dei ulike organisasjonane i elevane sin institusjonelle omgjevning, som er avhengige av elevane sine utdanningsval, utøver eit press på kvarandre, og gjennom dette presset kan dei påverke eleven sine utdanningsval. Døme på dette kan vere at bransjeorganisasjonar påverkar politiske organ eller koordinerte samarbeid mellom skule og næringsliv. Den tredje faktoren, læringserfaringar, delte Krumboltz inn i to typar: instrumentelle og assosiative. Instrumentelle læringserfaringar får ein gjennom konsekvensar av åtferd og reaksjonar ein får fram gjennom samhandling med andre, og påverknaden er ofte ikkje bevisst. Den same reaksjonen kan føre fram til ulik reaksjon hos personar, positivt eller negativt, sterkt eller svakt. Assosiative læringserfaringar er positive eller negative reaksjonar på tidlegare nøytrale situasjonar, som til dømes at ein høyrer påstandar om enkelte yrkesgrupper. Slike påstandar kan vere «å jobbe i barnehage er berre for jenter» og «det er berre utanlandsk arbeidskraft i byggebransjen». Den siste faktoren i Krumboltz sin teori er problemløysingsdugleikane individet har utvikla. Dette kan vere evne til å løyse utfordringar, arbeidsvanar, emosjonelle og kognitive reaksjonar. Evna eit individ har til å sjå seg sjølv og verda rundt seg i samanheng, vere realistisk i sine vurderingar og utvide perspektivet sitt er også ein del av problemløysande dugleikar. (Andreassen et al., 2008, s. 112-113).

Karrierevalmodning er nødvendige kunnskapar, dugleikar og motivasjon for å orientere seg mot utdanning og yrke, og til slutt ta ei avgjerd om karriereval (Birkemo, 1997). I tillegg til teoriar som viser korleis barn og unge utviklar yrkesforståing og kva faktorar som påverkar den, har ein også teoriar som fokuserer på kognitive valprosessar. Dette er valprosessar som dei unge engasjerer seg i når dei skal velje yrke eller utdanning. Asbjørn Birkemo (1997, s 31) har laga ei framstilling av yrkesvalprosessen som ein strategi beståande av tre trinn som blir kalla utforsking, vurdering og slutning. Yrkesvalprosessen startar når ungdom erkjenner at dei må starte å orientere seg mot eit

utdannings- og yrkesval. Erkjenninga har som oftast samanheng med kva trinn elevane går på i skulesystemet. Den første fasen i yrkesvalprosessen er utforsking, ein skal skaffe informasjon og utforske moglege og realistiske utdanningsalternativ. Fase nummer to er vurdering. I denne fasen bør ein vurdere kven av dei moglege og realistiske utdannings- og yrkesalternativa som er mest attraktive og kva alternativ ein har størst sjanse for å lykkast med. Den siste fasen er slutning. Det er når ein bestemmer seg for utdannings- og yrkesalternativ. Har den unge ikkje tilstrekkeleg med kunnskap i dei førre fasane, må ein gå tilbake til desse fasane. Om ein har tilstrekkeleg med kunnskap starter prosessen med å tilpasse seg den yrkesrolla ein har bestemt seg for å realisere (Birkemo, 1997, s. 35-37).

Rettleiinga som barn og unge får i yrkesvalprosessen, bør ha som føremål å oppmuntre dei til sjølvstendig utforsking av eigne interesser og anlegg. Unge som orienterer seg mot erfaringsbasert kunnskap om eigne føresetnader går ofte gjennom yrkesvalprosessen raskare og dei føretek seg meir gjennomtenkte utdannings- og yrkesval enn elevar som er meir opptekne av signal utanfrå (Birkemo, 2007, s. 191).

#### 4.5 Oppsummering kapittel 4

I dette kapitlet har eg gjort greie for den teoretiske tilnærminga i oppgåva. Elevar sitt utdanningsval blir påverka av ulike aktørar i elevane sine institusjonelle omgjevnader. Elevane kan utføre frie utdanningsval så lenge dei held seg til lovverket, men både politikken og andre strukturleverandørar har forventningar om at elevane sine utdanningsval skal vere rasjonelle og ta omsyn til eigne og fellesskapet sine interesser og verdiar. Kjennskap til seg sjølv, erfaringsbasert kunnskap og kunnskap om arbeidslivet er viktig for at elevane skal kunne utføre gode utdanningsval.

## 5.0 Metode

Både Opplæringslova (1998), forskrift til opplæringslova (2006) og læreplanen i faget Utdanningsval (2015) er tydelege på at elevar skal ha opparbeidd seg ei kompetanse innanfor utdannings- og yrkesval før dei startar på vidaregåande utdanning. Mi erfaring som lærar og fagleiar i den vidaregåande skulen er at elevane har svært ulik kompetanse, sjølv om dei har delteke på dei same rådgjevingsaktivitetane. Enkelte av desse rådgjevingsaktivitetane har eg vore arrangør av eller bidragsytar i, og det viser seg at nytteverdien for elevane av desse aktivitetane er varierende. Dei første vekene av nytt skuleår kan ein oppleve at mange elevar endrar både skule og utdanningsprogram, og argumentasjonen for å gjere desse endringane er tidvis opplysningar som eg meiner dei er godt orienterte om på førehand.

Eit anna aspekt i utdannings- og yrkesrådgjevinga er at elevane skal ha utvikla sjølvvinningsikt, og velje utdanning som har utgangspunkt i interesser, dugleikar, evner og verdiar (Forskrift til opplæringslova, 2006; Utdanningsdirektoratet, 2015b). Likevel opplever ein at nokre elevar har søkt utdanningsprogram som ikkje passar for dei, eller at søknad til vidaregåande opplæring viser at dei har lite sjølvvinningsikt. Forskinga i denne oppgåva har til hensikt å finne ut meir om kvifor elevar vel vidaregåande utdanningsprogram som dei gjer, kva som har påverka dei og korleis opplever arbeidslivet samarbeidet med skulen om rådgjevinga for elevar sitt utdannings- og yrkesval.

### 5.1 Val av forskingsmetode.

I denne forskinga er det tatt i bruk ein kombinert forskingsmetode. Det er ein metode som eignar seg når ein ønskjer både kvalitative og kvantitative data (Befring, 2016, s. 40). For meg var det viktig å få med stemma til flest mogleg elevar, og det er grunnjevinga for gjennomføringa av spørjeundersøking. Opplysningane som kom fram i spørjeundersøkinga var også ein del av grunnlaget for utarbeidinga av intervjuguidane, så den kvalitative forskinga fungerte som ei forundersøking for gruppeintervjuet (Befring, 2016). Eit anna argument for å velje ein kombinert metode er at mykje av den forskinga som har vore utført på elevar sitt utdanningsval i Noreg, har tatt i bruk kombinert metode, og for meg tyder dette på at det er ein hensiktsmessig kombinasjon for temaet utdanningsval (Buland et al., 2011; Markussen et al., 2008) der ein ønskjer å studere både organiseringa rundt og elevane sitt syn på utdanningsval. Spørjeundersøkinga vil gi ei generell kvantitativ oversikt over korleis elevar på 10. trinn tenkjer om val av vidaregåande utdanning og korleis

utdannings- og yrkesrådgjevinga har fungert, medan kvalitative data vil bidra med nyansert innsikt i informantane sine oppfatningar og opplevingar. Arbeidslivet sitt perspektiv på utdanningsval blir belyst gjennom kvalitative data samla inn i gruppeintervju.

Figur 2. Min kombinerte analysemodell



### 5.1.1 Pilot

Før spørjeundersøkinga blei distribuert til respondentane, blei det gjennomført ein pilot på 10 elevar som var året eldre enn respondentane. Hensikta med å gjennomføre denne piloten var å finne ut om spørsmåla var forståelege for respondentane, og kor lang tid det ville ta å gjennomføre spørjeundersøkinga. Etter denne piloten fann eg ut at eg måtte legge inn ein forklarande tekst før nokre av spørsmåla. Fleire av respondentane visste ikkje forskjellen på offentlig eller privat sektor, og dei trong meir informasjon for å kunne svare. I tillegg var det behov for ein kategori til innafør spørsmåla som handla om mor/far si utdanning og arbeid. Ein av respondentane i piloten var tydeleg på at han opplevde desse spørsmåla som stigmatiserande, og at det ikkje var mogleg for han å svare tilfredstillande på dei. Dei nye kategoriane blei *anna utdanning* og *anna arbeid/uføretrygda/arbeidsledig*. *Anna arbeid* blei i tillegg til dei andre kategoriane, og *anna arbeid/uføretrygda/arbeidsledig* kom i staden for *uføretrygda/arbeidsledig*. Alle forundersøkingane blei makulerte i etterkant utan vidare analyse.

Det blei også gjennomført to pilotintervju på elevane. Pilotintervjua hadde som føremål å finne ut korleis spørsmåla i intervjuguiden fungerte, og om det var

hensiktsmessig med single- eller gruppeintervju. Svaret på det var at spørsmåla fungerte godt i gruppeintervjuet, og ikkje like godt når eg intervjuar ein person. Gruppeintervjuet fungerte best fordi informantane forklarte og utdjupa det andre hadde sagt (Postholm & Jacobsen, 2013, s. 65). I intervjuet med ein person sat intervjuaren igjen med ei kjensle som minte meir om avhøyr enn intervju. Begge intervjuar blei tatt opp. Gruppeintervjuet som blei gjennomført som pilotintervju, blei ein del av empirien i denne oppgåva. Begge informantane som deltok i pilotintervjuet godkjende dette. Intervjuet som blei gjennomført som singelintervju, blei ikkje ein del av empirien.

### 5.1.2 Spørjeskjema

Innhaldet i spørjeskjemaet blei diskutert med rettleiar, opplæringskontor og andre som har arbeid med utdannings- og yrkesrådgjevinga lokalt. Innspela dei kom med, var nyttige. I tillegg var det informativt og ha lese anna forskning rundt utdanningsval i forkant av dette arbeidet. Gjennomføringa av spørjeundersøkinga skjedde siste veka av skuleåret, og det var derfor viktig med god dialog med kontaktlærarane til elevane som skulle svare på den. Velvilje hos mottakaren er viktig, og om gjennomføringa blei lagt til eit tidspunkt som ikkje passa for klassane, kunne det vore vanskeleg å få velvilje. Eg valde å reise til ungdomsskulane for å gjennomføre utfyllinga av undersøkinga, slik at eg fekk forklare kva svara skulle brukast til, korleis etiske utfordringar blei løyste og korleis spørjeskjemaet skulle fyllast ut (Befring 2015, s.79). Mottakinga eg fekk på dei ulike ungdomsskulane, var god, og elevane sa dei opplevde undersøkinga relevant.

### 5.1.3 Gruppeintervju

I starten av dette arbeidet var eg usikker på om intervjuet skulle vere av berre ein person eller eit gruppeintervju. Etter at eg fann ut at gruppeintervjuet var best eigna for mi problemstilling, blei intervjuguiden meir open, slik at det blei meir rom for at informatane kunne utdjupe og forklare seg (Postholm & Jacobsen, 2013). Arbeidet med intervjuguiden tok utgangspunkt i data frå spørjeundersøkinga, tidlegare forskning og teori om utdanningsval. Det er viktig at forskaren har så mykje forkunnskap som råd. Det medfører betre fokus på kva han skal vere merksam på i intervjuet, og det blir mindre sannsynleg at ein overser viktig informasjon i intervjuprosessen (Brinkmann & Tanggaard, 2012, s.27). Enkelte vil kunne påstå at for mykje forkunnskap påverkar objektivitet og nøytralitet, men det er ikkje Brinkmann og Tanggaard (2012) einig i. Dei seier at eit forskingsintervju aldri er nøytralt, men styrt av forskaren si hensikt. Dei beste intervjuar blir som oftast laga av

personar med brei kunnskap om emnet intervjuet dreier seg om, fordi dei kan stille dei mest relevante spørsmåla (Brinkmann & Tanggaard 2012, s.28)

Intervjua blei gjennomførte i løpet av vinteren 2018/2019. Informantane blei informerte i god tid før gjennomføring, både skrifteleg og munnleg, og dei blei gjort kjende med rammene for intervjuet. Intervjua av elevane blei gjennomførte på skulen på eit grupperom som var eigna, og arbeidslivsintervjua blei gjennomførte på kontora til to av informantane. Eg ønskte å skape ei tillitsfull og fortruleg atmosfære. For å få til det, var det ei enkel servering, og ein snakka litt før diktafonen blei skrudd på. Interaksjonen i intervjuet blir prega av den sosiale atmosfæren forskaren klarer å skape (Thagaard 2013, s.113). Under heile intervjuet hadde eg fokus på å gi positive tilbakemeldingar for å styrke dialogen, og å ha fin balanse mellom å lytte og å spørje (Thagaard, 2013, s. 112). I etterkant av intervjuet skreiv eg ned korleis intervjuet hadde gått, korleis informantane oppførte seg og kva kjensler eg sat igjen med (Thagaard, 2013).

## 5.2 Utval

Det var totalt 116 elevar på 10. trinn dette skuleåret. Desse elevane gjekk på 4 forskjellige ungdomsskular i 2 kommunar, der den største hadde 67 elevar og den minste hadde 14 elevar. Av 116 elevar var det 102 elevar som svarte på spørjeundersøkinga, 63 gutar og 39 jenter. Dette årskullet har eit klart fleirtal av gutar, og det er viktig å ta omsyn til i tolkinga av resultatet. I tabellane som presenterer kvantitative data, er kjønn tatt omsyn til, elles blir det referert til heile informantgruppa. 88 % av elevane svarte på undersøkinga. Dei som ikkje svarte, var ikkje på skulen i det tidspunktet undersøkinga blei gjennomført, og ingen takka nei til å delta. Det var diskutert å ta med ein ungdomsskule til, men sidan dei ikkje har deltatt på dei same utdannings- og yrkesrådgjevingsaktivitetane, blei dei ikkje med.

Det var 7 informantar som deltok i elevgruppeintervjua, inkludert dei to informantane som deltok i pilotintervjuet. For å finne informantane brukte eg ei blanding av kategoribasert- og tilgjengelegheitsutval (Thagaard, 2013, s. 60-62). Eg ønskja informantar frå alle Vg1 utdanningsprogramma på skulen, som har 5 forskjellige utdanningsprogram. Alle elevane som ønskte det, og hadde deltatt på spørjeundersøking, kunne melde seg til å delta i intervjuet. Så trekte eg ut kven som fekk delta. Det var 37 elevar som melde seg til å delta. Planen var at det skulle delta to elevar frå det største utdanningsprogrammet slik at det blei to grupper med 3, men den eine eleven var sjuk når



intervjuet blei gjennomført. Samansettinga av gruppene var tilfeldig. Det var 3 jenter og 4 gutar som deltok. Informantane vil bli Elev A, Elev B, osv. i framstillinga av resultatet.

I arbeidslivsintervjua brukte eg strategisk utval (Thagaard, 2013, s. 60). Det var ønskjeleg at dei som deltok i intervjua hadde kvalifikasjonar om utdannings- og yrkesrådgjevinga som blir gjennomført. Eg tok kontakt med 6 personar som eg meinte hadde kvalifikasjonar som eigna seg for å få svar på oppgåva si problemstilling. Informantane var: 1 frå kommunen sitt næringsforum, 1 HR manager, ein produksjonssjef, 1 bedriftsleiar, 1 frå opplæringskontor og 1 i personalavdelinga i kommunen. 5 av dei takka ja til og delta, og den siste sende ein annan person som han meinte var betre eigna til dette. Gruppene blei sette saman utifrå når dei ulike hadde tid til å gjennomføre intervjuet. Desse intervjua var vanskeleg å få gjennomført, dag og tidspunkt vart endra mange gongar. Informantane vil bli Informant A, Informant B, osv. i framstillinga av resultatet.

### 5.3 Analyse av datamateriale

Spørjeundersøkinga blei registrert i dataprogrammet SPSS. Eg hadde lite kjennskap til dette dataprogrammet og eg fekk ei kort opplæring av rettleiar i bruk av dette programmet. Resten av opplæringa skjedde gjennom å prøve seg fram, og Youtube-videoar. Registreringa inn i SPSS var ein prosess som var til god hjelp vidare i analysen. Enkelte funn blei analyserte i EXCEL eller med blyant og papir.

I analysen av datamaterialet tok eg i bruk Stegvis-deduktiv induktiv metode (SDI) (Tjora, 2011). Den teoretiske inngangen tok utgangspunkt i karriererettleiingsteori, lovverk om utdanningsval og tidlegare forskning på utdanningsval. Empirien bestod av data frå spørjeundersøkinga og intervjua. Arbeidet som skjer i botnen av modellen er induktiv. Eg arbeider frå data til teori, og arbeidet som skjer frå toppen av modellen, er at ein sjekkar teorien mot det empiriske. Ein hoppar mellom dei ulike fasane i denne modellen, og prøver å vise systematikken i forskinga (Tjora, 2011, s. 155-156)

Sidan denne forskinga har tre ulike innfallsvinklar; eleven sitt perspektiv, arbeidslivet sitt perspektiv og det politiske perspektivet, valde eg å ta i bruk meiningsfortetting i analysearbeidet av intervjua. Meiningsfortetting medfører ei forkorting av intervjupersonen sine utsegner til kortare formuleringar (Kvale, 2002, s. 125). Etter at meiningsfortettingsprosessen var ferdig, blei formuleringane i intervjua til datadrivne kodar, og vidare til kategoriar i analysen (Thagaard, 2013, s. 159 - 160). Analysen blei

også gjennomført stegvis, og først prøvde eg å finne samanheng mellom elevperspektivet og arbeidslivsperspektivet. Etter at dette arbeidet var utført, prøvde eg å finne samanheng mot det politiske perspektivet, som kjem fram blant anna gjennom lover, forskrifter og meldingar til Stortinget. Om det var samanheng mellom meiningane til alle perspektiva, vart «koden» plassert i kategorien «sterk samanheng». Om det var samanheng mellom to av perspektiva vart det plassert i kategorien «delvis samanheng», og om det var lite samanheng, vart det kategorien «lite samanheng». Elevar, arbeidsliv og politiske dokument fokuserte alle på at elevane sine interesser var ein viktig faktor med tanke på å utføre gode utdanningsval, dermed kategorien «sterk samanheng». Elevane og arbeidslivet snakka til dømes ikkje om kostnadar ved at elevar ikkje fullfører utdanning, men det gjorde det politiske, dermed kategorien «lite samanheng». For å finne desse samanhengane, brukte eg tusjar med ulik farge. Innanfor kategoriane «delvis samanheng» og «lite samanheng» var det vanskeleg å plassere kodane, og derfor måtte eg gjennomføre analysen fleire gongar, der eg måtte djupare inn i dokument og empiri.

#### 5.4 Etikk

Forskningsprosjektet er godkjent av Norsk Samfunnsvitenskaplige Datatjeneste (NSD). Meldeskjemaet og endringsskjemaet ligg som vedlegg. Tideleg i prosessen med forskinga bestemte eg meg for intervju som metode, men undervegs i arbeidet ønskte eg også å gjennomføre ei spørjeundersøking. Dette blei klarert i eit endringsskjema til NSD.

Sidan mi forskning skjer innanfor eit lite geografisk område, og forskaren sitt namn kan knytast til dette området, er det viktig å sikre informantane anonymitet. Informantane er derfor omtalt som informant A eller elev A. Kjønn, alder, stilling og utdanningsprogram er utelatne. Alle informantane har gitt samtykke til å delta, og rektorane på alle skulane som har vore med, har godkjent deltakinga. I arbeidet med den skriftlege framstillinga av oppgåva vil eg vere forsiktig med bruk av sitat, om det er fare for at nokon kan bli identifisert. I sitat der informantane brukar tittel eller utdanningsprogram, er dette endra til eit så likt synonym som mogleg.

#### 5.5 Kvalitet i forskingsarbeidet

I denne studien har det vore viktig å kombinere metodar. Eg studerer eit lite case og gjennom å bruke fleire metodar, blir datamaterialet fyldigare og djupare. Kombinasjonen av metodar er med på å styrke pålitelegheita, aukar truverdet og kvaliteten i arbeidet

(Postholm & Jacobsen, 2013, s. 130). Framstillinga av forskinga skal vere så transparent som mogleg. At metodane forskaren har brukt blir framstilte på ein gjennomsiktig måte vil også styrke pålitelegheita (Tjora, 2011, s. 175). Gyldigheit i forskinga handlar om i kor vidt ein har dekning for tolkinga av funna og resultata. For å styrke den ytre gyldigheita har eg sett til anna teori og anna empiri for å sjå om forskinga som er utført er gyldig (Postholm & Jacobsen, 2013, s. 128) .

### 5.5.1 Refleksivitet

Å forske i eigen praksis slik som eg gjer når eg forskar på utdanningsval i vidaregåande opplæring, gir både moglegheiter og utfordringar. Det positive er at ein kjenner kulturen og språket, ein har felles forkunnskap og stor engasjement. Men det er også fallgruver som at eg agerer som ein innfødd og tolkar svara slik eg forstår dei ut frå mi tidlegare forståing (Thagaard, 2013, s. 86). Refleksiviteten i forskinga blir også påverka av livsverden til forskaren (Tjora, 2011, s. 189). Forskaren har i dette tilfellet fagbrev frå industrien, han har utdanning frå teknisk fagskule, høgskule og universitet, og har arbeidd i ulike posisjonar i næringslivet før han starta som lærar i den vidaregåande skulen og seinare blei avdelingsleiar i skulen. Forskaren har vore og er aktiv innafor ulike frivillige lag og organisasjonar i lokalmiljøet. Gjennom å vere bevisst på korleis eiga forståing kan påverke både gjennomføring av datainnsamling og analyse, og gjennom å reflektere over dette og vere transparent, så aukar sannsynet for at studien også med ein innfødd forskar, blir valid. For å ivareta refleksiviteten har det vore viktig å grunnje forskingsarbeidet i teori og tidlegare forskning, slik at forskinga er tydeleg forankra. Forskingsarbeidet skal brukast til å betre utdannings- og yrkesrådgjevinga, det er ikkje eit evalueringsarbeid.

### 5.6 Oppsummering kapittel 5

I dette kapitelet har eg gjort greie for mitt metodeval og forskingsprosessen. Eg har forklart korleis eg har arbeid med forskinga, forklart korleis utval og analysen av datamaterialet har vorte utført. Til slutt i kapitelet har eg forklart korleis innhaldet i studiet er kvalitetssikra, korleis dei etiske problemstillingane blei ivaretekne og reflekterte rundt mi eiga rolle som forskar.

## 6.0 Resultat


I dette kapitlet kjem det ei oppsummering av dei viktigaste funna i studien. Drøfting av funna vil komme i kapittel 7 – drøfting, og oppsummering av problemstillinga blir presentert i kapittel 8. For dei forskingsspørsmåla der det er både kvantitative og kvalitative data, vil kvantitative data bli presentert først for så å bli utdjupa av dei kvalitative. På forskingsspørsmål 3, «Arbeidslivet sitt syn på utdanningsval», har forskinga berre kvalitative data. Hensikta med forskinga er å bidra med kunnskap om temaet utdanningsval slik at skulen betre kan legge til rette for at elevane gjer gode og framtidsretta utdanningsval og hindre fråfall.

### 6.1 Funn forskingsspørsmål 1

Forskingsspørsmål 1: *Kva faktorar var avgjerande når elevar på 10. trinn valde utdanningsprogram?*

Elevar blir påverka av ulike faktorar når dei skal velje vidaregåande utdanningsprogram. Resultatet av forskingsspørsmålet viser at det er elevane sine erfaringar og interesser som påverkar dei mest, fordi dei ønskjer å fortsette med interessene sine og oppleve meistring. Andre typar påverknad, som venner og foreldre, spelar ikkje like stor rolle for val av vidaregåande utdanningsprogram.

Tabell 1. Påverknad på utdanningsval.



Tabell 1 viser kva som har påverka elevane når dei har utført sine val av vidaregåande utdanningsprogram. Utvalet er delt etter kjønn, og viser om dei er einige i at det har påverka dei eller om dei ikkje veit. Resterande prosent er ueinig i at det har påverka dei. Når det gjeld dei kvantitative dataa eg fann, er det klart at det er individuelle faktorar som spelar størst rolle for utdanningsvalet. Slike faktorar er tidlegare skuleerfaring, interesser, fritidsaktivitetar og eit ønske om god lønn etter fullført utdanning. I den andre enden av kva som ikkje var så viktig finn ein foreldra sine ønske og kameratar sine utdanningsval. Det er tydeleg at eleven sine egne erfaringar, interesser og målsetjingar er viktigare enn kva andre meiner at dei skal gjere. 78% av elevane var einige i at tidlegare skuleerfaringar var med på å avgjere kva utdanningsprogram dei valte, 67 % var einige i at interesser påverka, og 65 % var einig i at framtidige lønnsutsikter var med på å avgjere valet. Det som påverka valet i lavast grad var kva vidaregåande utdanningsprogram foreldra ønskte dei skulle velje med 26 %, og berre 14 % sa at dei var påverka av kva utdanningsprogram kameratane valde. Desse opplysningane blei tatt med inn i intervjuet og målet var å få meir kunnskap om kvifor dei svarte som dei gjorde.

I gruppeintervjuet kom ein raskt inn på kva som påverka valet av vidaregåande utdanningsprogram, og dei to omgrepa som respondentane brukte mest, var interesse og erfaringar, utan dei brukte akkurat dei orda. I staden for å bruke ordet interesse blei det ofte referert til kva dei likte å halde på med eller namnet på ein aktivitet eller interessefelt. Og erfaringar kunne vere til dømes tidlegare skuleresultat eller kva dei hadde vore med på. Ein informant uttrykte det slik på kvifor han valde det utdanningsprogrammet han gjorde:

«På ungdomsskulen fekk eg ganske gode karakterar i alle fag, og så er det ikkje slik at eg er drit god i andre ting som musikk, fotball eller teikning. Det gjorde at eg starta opp med noko som eg trudde eg kom til å klare ganske bra. Orka ikkje å ta noko sjansar på ting eg ikkje visste kva var» Elev A

«Eg har visst eg skulle gå på dette utdanningsprogrammet veldig lenge i grunn. Det er slike ting eg vil jobbe med.....Eg skal bli barnehagelærer.....Eg likar godt å passe ungar og å vere i lag med dei » Elev C

Andre informantar, slik som sitatet over viser, forklarte også utdanningsvalet sitt gjennom kva dei hadde vore gode på ved tidlegare skulegang eller erfaringar frå fritida. Informantane inkluderer både skuleresultat, erfaringar og fritidsinteresser. Når det gjeld kva rolle interesse spelar for utdanningsvalet var informantar tydelege på at det å kunne

kombinere skule og fritidsinteresse er viktig, det viktige er at ein får fortsette som tidlegare med fritidsinteressene sine. Informantane påpeikar likevel at dei har tidlegare klassekameratar som dei meiner har gjort utdanningsvalet sitt i hovudsak utifrå kva dei likar å halde på med på fritida.

«Eg ville gå på skule her fordi eg reiser heim og trenar.....Det er mange klubbar eg kunne vore med i, men eg ville fortsette å vere med i min klubb, heime. Det var viktig. Så ein kan godt seie at det var avgjerande både for val av utdanningsprogram og skule». Elev B

Når det gjeld foreldre si rolle, så seier informantane at foreldra er ein viktig samtalepartner før dei vel vidaregåande utdanningsprogram. Nokre informantar seier at foreldra i enkelte tilfelle legg føringar for kva ein kan velje. Dei får til dømes ikkje bu på hybel og kan derfor ikkje velje utdanningsprogram eller skular som er langt vekk frå heimplassen. Men informantane er tydelege på at dei har siste ord i vale. Dei påpeikar også at foreldra er redde for å råde dei til noko dei ikkje trivst med. I dei fleste tilfella er informantane og foreldra einige om utdanningsval. Ulike informantar bekrefta dette:

«Foreldra mine meinte at eg skulle få gjere det eg ville .....men dei sa det var lurt å gå det utdanningsprogrammet som eg går på. Så ja, dei var med på å påverke meg, men eg var i grunn einig». Elev B

«Dei prøvde å komme med gode råd. Men dei sa det var mitt val. Eg var så dritlei skule at dei var mest opptatt av at eg skulle gå på skule. Det var ikkje sånn at eg skulle ta ei spesiell utdanning, det var meir fokusert på at eg måtte ta ei utdanning». Elev D

I og med at informantane seier at dei diskuterer val av utdanningsprogram med foreldra, fører det til at dei er med på å påverke, sjølv om informantane meiner det er eit sjølvstendig val. Foreldra utfører ei rådgjeving, utifrå både kjennskap til og draumar for, eige barn. Informantane beskriv prosessen dei utfører i lag med foreldra som ein nyttig og god prosess, den skaper både tryggleik og ei kjensle av å ta eit sjølvstendig val hos informantane. Når det gjeld vennane si rolle for kva utdanningsprogram informantane vel, seier dei at vennane ikkje er avgjerande for val av utdanningsprogram. Informantane snakkar lite med klassekameratar om utdanningsval, enkelte av informantane seier at dei

har rådført seg med eldre kameratar, søsken eller andre personar i omgangskrinsen sin, men det er meir for å bekrefte valet sitt enn å få råd.

«Kompisen min som gjekk her allereie sa at det var ein bra skule og ei bra linje. Så vi prata ein del om det. Det gjorde meg i grunn endå sikrare på valet mitt» Elev F

«Eg har ein bror som går same linja som eg går no. Dei innspela han kom med var avgjerande. Eg og han er ganske like, han storkosa seg og sa han trudde eg kom til å gjere det same. Det gjorde valet mitt enkelt eigentleg.» Elev E

I spørjeundersøkinga var der spørsmål som omhandla lønn. Respondentane i spørjeundersøkinga var tydelege på at framtidig lønn var avgjerande for val av vidaregåande utdanningsprogram, heile 65% meinte at det påverka. Men i intervju kom det ikkje klart fram korleis det påverka dei. Det var vanskelegare for dei å prate om det som skal skje i framtida, enn det som dei har vore gjennom. Likevel var det semje om at dei ønskte å tene tilstrekkeleg, og at dei ikkje ønskte å tene dårleg. Informantane har kortare svar og grunngevingar når dei uttaler som om framtida.

«Hadde dei tent dårleg hadde eg kanskje valt noko anna, men eg synst dei tener heilt ok i grunn..... I tillegg går mange turnus og skift, da tener dei endå meir..... Men eg veit ikkje akkurat kor mykje dei tener altso». Elev D

### 6.1.1 Oppsummering av resultat forskningsspørsmål 1.

Mine data viser at erfaringar og interesser er viktige for kva utdanningsprogram elevar på 10.trinn vel når dei skal starte på vidaregåande utdanning, noko også anna forskning har konkludert med (Birkemo, 2007; Sandal & Smith, 2010). For ein del elevar var framtidig lønn vesentleg, men det hadde informatane vanskelegare for å forklare. Elevene hadde vanskelige for å snakke om framtida enn om det dei hadde vore igjennom. Foreldre har ei rolle som samtalepartner og til å hjelpe til med nødvendig refleksjon, medan venner spelar ei mindre viktig rolle. I neste del av oppgåva vil det bli sett nærmare på korleis elevane opplever dei rådgjevingstiltaka dei har deltatt på.


## 6.2 Resultat forskningsspørsmål 2

Næringsforumet i kommunen, den vidaregåande skulen, opplæringskontoret, arbeidslivet og andre interessentar i elevar sitt utdanningsval samarbeider med grunnskulen om innhaldet i faget Utdanningsval. Faget Utdanningsval har som føremål å styrke samarbeidet mellom grunnskulen, den vidaregåande skulen og lokalt næringsliv, og at ein i fellesskap gir elevar sjansar til å prøve ut og bli bevisste egne interesser (Utdanningsdirektoratet, 2015b). Skyggedagar, utplasseringsveke, bedriftsbesøk, karrieredagar, hospitering på vidaregåande skule og ulike orienteringar er til dømes aktivitetar som interessentane serverer elevar i forkant av at dei skal utføre eit utdanningsval.

Forskingsspørsmål 2 er: *Korleis opplever elevar på 10. trinn dei rådgevingstiltaka dei har deltatt på i regi av vidaregåande skule og næringsliv?*

Målet med dette forskingsspørsmålet var å finne ut av opplevinga elevane har av å delta på rådgevingsaktivitetane og i kva grad deltakinga påverka valet av vidaregåande utdanningsprogram. Studien viser at elevane meiner at rådgevingsaktivitetar der dei får erfaringar kjem best ut, medan aktivitetar som formidlar informasjon, ikkje er like populære.

Tabell 2 Rådgevingsaktivitetane





Tabell 2 Rådgjevingsaktivitetane viser at det var aktivitetane som dei vidaregåande skulane hadde regien for som kom best ut. 72 % av respondentane var einig i at hospitering hos ein vidaregåande skule påverka utdanningsvalget og 57 % sa at informasjon frå vidaregåande skular påverka valet. Dette er ikkje unaturleg sidan det er desse aktivitetane som har skjedd det siste skuleåret. I tillegg kan ein sjå at nesten halvparten var einig i at utdanningsvalet blei påverka av aktivitetar som jobbskygging og arbeidsveke, og det som påverkar minst, er reine informasjonsøker eller samtalar rundt eige utdanningsval. Dette framstår naturleg sidan informasjonen og samtalane ikkje har som mål å påverke, men å sette i gang ein refleksjon. I den kvalitative delen av forskinga vil alle desse funna bli sett i eit nytt perspektiv.

Elevane sitt syn på hospitering og informasjon frå ein vidaregåande skule samsvarer i kvantitative og kvalitative dataa. Informantane seier det var lærerikt å oppleve korleis faga på den vidaregåande skulen var, snakke med elevar som går der og få eit heilskapleg bilete av korleis det er på ein vidaregåande skule. Eit viktig funn som spørjeundersøkinga ikkje hadde tatt høgde for, var når informantane bestemte seg for vidaregåande utdanningsprogram. I intervjuet kom det tydeleg fram at dei som hadde bestemt seg for kva utdanningsprogram dei ville gå tudeleg, hadde ei anna oppfatning av det dei hadde vore med på i løpet av ungdomsskulen enn dei som var usikre. 3 av mine 7 informantar sa at dei nesten hadde bestemt seg for utdanningsprogram før rådgjevingstiltaka blei sette i gang. Desse brukte rådgjevingstiltaka til å bekrefte at utdanningsvalet som dei hadde tatt, var rett, noko som utsegne under viser.

«Eg var utplassert i same bedrifta mange gongar. Det er det eg har tenkt heile tida. Eg hadde det gøy der og fekk gjort masse forskjellig. Der fekk eg lære meg å gjere ting, dei sa kva eg skulle gjere, og så gjorde eg det...ikkje slik som på skulen, eg fekk gjere noko.....dei som eg arbeide i lag med dei hadde absolutt betydning for utdanningsvalet mitt» Elev F

Dei usikre opplevde denne prosessen meir komplisert. Dei prøvde ut ulike utdanningsområde, og det kjem fram at dei framleis er usikre på det valet dei har utført, sjølv om dei trivst på skulen og på utdanningsprogrammet. Dei usikre seier også at arbeidsveka og skyggedagar ikkje var til stor hjelp, og at dei var medskyldige i dette. Motivasjonen for å finne seg ein arbeidsplass eller komme med ønske var ikkje der, derfor måtte dei ta den plassen som dei fekk. Fleire av desse informantane seier at dei hadde vikarierende motiv med desse rådgjevingsaktivitetane, dei ville skaffe seg sommarjobb

eller kveldsarbeid. Nokre angrar på valet dei gjorde, og skulle ønskje dei kunne velje på nytt. Men det er tydeleg at dei har fått ei erfaring som dei tar med seg vidare, og som dei brukar til refleksjon når dei skal utføre utdanningsval. Dei er også tydelege på at dei kunne tenkt seg meir av denne typer aktivitetar, og erfaringar frå arbeidslivet er viktig for alle karriereval dei skal utføre. Alle 7 informantane seier at dei har tidlegare klassekameratar som allereie har skifta utdanningsprogram eller angrar på det valet dei har gjort. Ein informant uttrykte det slik:

«Eg var utplassert på ein sjukeheim.....Men der vil eg ikkje jobbe, det var ikkje noko for meg.... Eg spurte rådgjevar på ungdomsskulen om det var mogleg å få til fleire skyggedagar.....Eg hadde lyst å sjå eit anna yrke, men det fekk eg ikkje» Elev B

Eit anna element som informantane er positive til, er at aktivitetar som arbeidsveka, skyggedagar og hospiteringa har ein grad av fridom i seg. Dei får sjølv, til ein viss grad, bestemme kva dei vil gjere. I dialog med rådgjevar på skulen og andre støttespelarar kjem dei fram til kvar dei skal vere på skyggedag, under arbeidsveka og kva utdanningsprogram dei skal hospitere på.

Informantane bekreftar også at dei har vore med på ulike andre aktivitetar. Dei fleste av dei var formidling av informasjon, men at dette ikkje var det same som å oppleve det sjølv. Informantane opplevde desse aktivitetane som mykje prat og at den informasjonen som vart formidla, vart for mange opplevd som for langt fram i tid. Innhaldet i desse aktivitetane var prega av informasjon om lærlingkontrakt, arbeidsmoglegheiter, om ein var eigna til arbeidet og at det var viktig med lite fråvær. Fleire av informantane hadde utfordringar med å hugse innhaldet, men i fellesskap klarte informantane å rekonstruere delar av innhaldet.

I intervjuet snakka informantane om den rolla som rådgjevarane på ungdomsskulen hadde hatt. Nesten alle informantane var fornøgde med rådgjevinga dei fekk. Alle hadde snakka med rådgjevar, og rådgjevarane var tilgjengelege om informanten ville det. Informantane presiserte at dei i dei fleste tilfella ikkje oppsøkte rådgjevar på eiga hand, rådgjevar måtte oppsøke dei. Informantane som hadde bestemt seg for utdanningsprogram før 10. klasse, meinte at dei ikkje hadde så mykje behov for rådgjevingstenester, men meir formell hjelp som til dømes søking. Informantane som ikkje hadde bestemt seg sakna

nødvendigvis ikkje rådgjeving, men erfaringar. Om rådgjevartenesta skulle bidratt meir for å hjelpe desse, burde dei i følge informantane komme med tydlegare råd.

«Eg gjekk til rådgjevar på ungdomsskulen, men fekk aldri råd. Vi snakka berre om kva eg kunne gjere» Elev D

Informantane seier også at dei får opplæring gjennom skulen i å bruke internettsider som vilbli.no, utdanning.no og nav.no. Dei søker etter relevant informasjon som gjeld dei sjølve. Denne informasjonen er ikkje avgjerande for valet av utdanningsprogram, men til hjelp når dei reflekterer rundt utdanningsval. Informantane seier at nettsidene kan ha for mykje informasjon, og at det da blir vanskeleg å forhalde seg til. Nokre av informantane har fått med seg reklamekampanjar og utdanningsinformasjon gjennom Facebook og Youtube, dette opplever dei ikkje som like relevant som informasjonen ein finn på dei nøytrale nettsidene.

#### 6.2.1 Oppsummering resultat forskningsspørsmål 2.

Aktivitetar der informantane får prøve ut eller oppleve framtidige utdanningsval blir høgast verdsett som rådgjevingsaktivitet. Elevar som har bestemt seg, eller nesten bestemt seg for vidaregåande utdanningsprogram, opplever rådgjevingsaktivitetane som meir relevante enn dei usikre, fordi aktivitetane i dei fleste tilfelle gir elevane erfaringar som bekreftar at det dei har tenkt, er eit godt utdanningsval. Dei usikre elevane verdsett også rådgjevingsaktivitetane, men dei har utfordringar med å sjå at erfaringane frå rådgjevingsaktivitetane i samanheng med framtidige utdanningsval. Informasjon frå internett, bedrifter og andre er nyttig om det opplevast som relevant og innanfor rekkevidde. Rådgjevingstenesta på ungdomsskulen vert opplevd som ein samarbeidspartnar i prosessen, men har i liten grad, og det er nok meininga også, påverking på utdanningsvalet. I det neste delkapittelet vil eg sjå nærmare på arbeidslivet sitt perspektiv på utdanningsval.

### 6.3 Resultat forskningsspørsmål 3.

Forskingsspørsmål 3 er: *Korleis oppfattar arbeidslivet si rolle i yrkes- og*

*karriererådgevinga?* Både i lovverk og gjennom lokale opplegg blir skulen oppmuntra til å samarbeide med arbeidslivet om tiltak for å betre yrkes- og karriererettleinga. Med dette forskingsspørsmålet ønskjer ein å finne ut kva arbeidslivet forventar av skulen for å få til eit samarbeid, og kva dei ser på som si oppgåve å bidra med.

Arbeidslivet er tydeleg på at dei forventar at skulen utfører sine lovpålagde oppgåver og at det er eit premiss for samarbeid. Både undervisning og andre oppgåver som skulen skal utføre bør vere av god kvalitet. Arbeidslivet har ei oppfatning av at dei fleste skulane er av god kvalitet. I tillegg så har dei fokus på at innhaldet i skulen må vere tilpassa lokale forhold. Andre viktige poeng som arbeidslivet er opptatt av, er at dei treng mange typar kompetanse, så derfor er det viktig at elevane i skulen gjer utdanningsval som er i tråd med dette, og dei forventar at grunnskulen og den vidaregåande skulen samarbeider om formidlinga av kva kompetanse dei treng hos framtidige arbeidstakarar.

«Det skal vere god kvalitet på opplæringa og opplæringa må vere i tråd med det som er lovpålagt.» Informant A

«Den viktigaste oppgåva til den vidaregåande skulen er å gjenspeile den lokale næringsstrukturen i det geografiske området den ligg i for å sikre rekruttering opp mot det lokale næringslivet» Informant B

Arbeidslivet er også opptatt av at dei må vere engasjerte i det som skjer i skulen. Skulen treng støtte for å utvikle seg og tilpasse undervisninga til dei utfordringane som arbeidslivet står overfor. I følgje arbeidslivet er leiinga og lærarane på skulen ein viktig faktor for at dei skal kunne engasjere seg i skulen og for å få til eit gjensidig samarbeid.

«Næringslivet må engasjere seg i skulen. Skulen treng støtte for, ikkje berre for å gjere skulen liv laga, men også for å tilpasse seg utfordringane i næringslivet» Informant D

«Ein får ikkje til samarbeid skule – næringsliv utan engasjerte lærarar. Det kan ein berre gløyme» Informant B

Arbeidslivet snakkar ikkje så mykje om elevar sine interesser og dugleikar. Men dei omtaler ofte resultatet, og at dei er fornøgde med til dømes lærlingordninga. Dette tolkar eg som at dei får medarbeidarar som er fornøgde med utdanningsvalet sitt og som arbeidslivet meiner har den kompetansen som er ønskjeleg. Ein informant var tydeleg på dette.

«Vi har hatt ein del uformelle diskusjonar om utdanning. Vi kunne vore egoistiske og sagt at utdanninga som blir tilbyd må vere tilpassa våre behov..... Men det er viktig at ungdom får anledning til å realisere seg sjølv og ta si eiga retning..... Det blir ofte våre beste folk. Vår oppgåve blir å gi ungdom som ønskjer det ein sjanse». Informant E

Informantane trekkjer også fram at ungdommane har lite kjennskap til kva ulike bedrifter driv med. Når ungdommane har lite kjennskap til kva som skjer i arbeidslivet, har dei vanskeleg for å sjå samanheng mellom eigne interesser og dugleikar, og kva arbeidslivet har å tilby.

Informantane i intervju seier at det er enklare å få til eit godt samarbeid mellom skule og arbeidsliv om samarbeidet er formelt og forankra. Arbeidslivet trekkjer spesielt fram utplassering i programfaget Yrkesfagleg fordjuping (YFF) innanfor yrkesfaga i vidaregåande skule og utdanningsprogrammet Tekniske allmenne fag (TAF) der elevane får både spesiell studiekompetanse og fagbrev. Samarbeidet dei har med dei vidaregåande skulane beskriv dei som godt, og dei seier at dei kunne tenkt seg å samarbeide meir med ungdomsskulane. Arbeidslivet har kjennskap til faget Utdanningsval gjennom aktivitetane dei deltek på, men Arbeidslivsfaget har dei mindre kjennskap til. Det var tre informantar som kjente til faget og dei arbeider tett på skulen. Elevinformantane har ikkje noko kjennskap til Arbeidslivsfaget. Arbeidslivet meiner at ungdomsskulane i liten grad viser interesse for kva bedrifta arbeider med, men dei påpeiker at det kan komme av at samarbeidet med ungdomsskulane blir delvis overlate til andre samarbeidspartnarar som Opplæringskontor og Næringsforum. Arbeidslivet prøver også delta på meir uformelt samarbeid, og ser at det kan vere positivt. Men dei føler ikkje at dette er like utviklande fordi ein ikkje får same kontinuiteten.

Både skule og arbeidsliv må forhalde seg til politiske organ. Det er derfor viktig å fomidle til politikarar kva utfordringar ein til ei kvar tid står overfor. Arbeidslivet er tydeleg på at dei bruker dei sjansane dei har til å påverke politikarane når det gjeld rekrutteringa av arbeidskraft og kor viktig det er å tilpasse skulen til dei utfordringane dei ser kjem i framtida.

«Vi har ofte besøk av politikarar og andre. Da er det viktig for oss å seie at vi til ei kvar tid har behov for ung arbeidskraft og at lærlingordninga er viktig. Dette gjeld ikkje berre oss, det gjeld heile konsernet» Informant C

«Vi har heile tida møte med politikarar og parti. Det er viktig å sjå heilskapsbildet og at dei forpliktar seg gjennom partiprogram og andre strategiske dokument» Informant B

### 6.3.1 Oppsummering resultat forskingsspørsmål 3

Det som kjem fram er at om skulen ønskjer eit godt og gjensidig samarbeid med arbeidslivet om elevar si yrkes- og karriererådgjeving, bør opplæringa i skulen skje i tråd med lovverket. Innhaldet i arbeidet bør spegle lokale forhold, ha formelle utgangspunkt og gjerne vere forankra i læreplanar. Lærarar og leiing på skulen er avgjerande for kvaliteten på samarbeidet. Arbeidslivet seier at dei bør vere engasjerte i innhaldet i skulen, både for å vise støtte til skulen og for å vise kva utfordringar dei står ovanfor. Yrkes- og karriererådgjevinga bør ta som utgangspunkt i elevane sine interesser og dugleikar, og det bør arbeidast for å setje desse i samheng med arbeidslivet sine behov. Arbeidslivet arbeider mot politiske organ for å sikre det dei opplever som gode opplæringstilbod, og for at utfordringar dei har, blir sett på dagsorden i skulen.

## 7.0 Drøfting

Elevane utfører sine utdanningsval i stor grad på grunnlag av tidlegare skuleerfaring, praktiske erfaringar, kunnskap om egne evner og interesser. Fleire elevar er tydelege på at dei saknar praktiske erfaringar for å kunne gjere gode utdanningsval. I dette kapitlet vil det bli drøfta kvifor dei opplever dette og kva ein kan gjere for å betre på situasjonen. Føringane for skulen seier at ein bør samarbeide med andre organisasjonar om utdannings- og yrkesrådgjevinga, men mi forskning viser at det er ulik oppfatning av korleis dette blir utført. Det vil bli drøfta kva kompetanse skulen treng for å få til samarbeid mellom ulike organisasjonar for å få til betre utdannings- og yrkesrådgjeving for elevane. Til slutt vil eg sjå på Arbeidslivsfaget som fag og kva moglegheiter ein har der, og lovverket.

## 7.1 Erfaringsbasert kunnskap

Birkemo (2007, s. 191), seier at elevar som har erfaringsbasert kunnskap om egne føresetnadar går gjennom yrkesvalprosessen raskare og føretek seg meir gjennomtenkte val. Denne studien bekreftar noko av dette. Forskingsresultata viser at 78 % av elevane meinte at tidelegare skuleerfaringar var med å påverke valet av vidaregåande utdanningsprogram. Elevar som har positive praktiske erfaringar frå arbeidslivet eller gjennom interessene sine, som er i samsvar med innhaldet i eit utdanningsprogram, ser ut til å gå igjennom utdanningsvalprosessen enklare. Denne undersøkinga viser samtidig at elevar som *ikkje* har funne samanheng mellom praktiske erfaringar, interesser, og vidaregåande utdanningsprogram framleis er usikre på sine yrkes- og utdanningsval når dei startar på eit vidaregåande utdanningsprogram, og dei uttrykker at dei ønskjer seg meir praktisk erfaring for å kunne vere betre rusta til å utføre sine utdanningsval. Dei seier med andre ord at for å kunne gjennomføre eit rasjonelt val for framtida må dei ha meir erfaringar å bygge valet sitt på (Aakvaag, 2008). Institusjonelle element i skulen sine omgjevnadar (Christensen et al., 2010; Zetterquist, 2009) som læreplanen i faget Utdanningsval (Utdanningsdirektoratet, 2015b) og forskrift til opplæringslova § 22-3 seier at skulen skal utvikle kompetansen til den enkelte i å planlegge yrke og utdanning i eit langsiktig perspektiv, og sjå samanhengen mellom moglegheiter og krav i utdanningssystem og arbeidsliv.

Heile utdanningsvalsprosessen tar, i si institusjonelle utforming, sikte på at elevane skal vere i stand til å ta eit aktør-perspektiv, der dei skal vere «aktørar i situasjonen» og fritt velje utdanningsprogram innanfor ei rekke rammer som lovverk, framtidsperspektiv

og samfunnsbehov (Aakvaag, 2008, s. 47). Utdanningsvalet skal blant anna ta utgangspunkt i interesser, verdiar, evner og anlegg og moglegheiter i arbeidslivet (Forskrift til opplæringslova, 2006). Elevane skal tilpasse sine ønske og oppfatningar til kva som er mogleg. Til saman gjer dette at ein kan forstå det formelle utdanningsvalet, tufta på lovverk, læreplanar og anna formalia som ein rasjonell prosess der ei mål – middel – kalkyle ligg til grunn for handlingar (Aakvaag, 2008, s. 97). Dei ulike institusjonane som er involverte i utdanningsvalet, har ei forventning om at utdanningsvala elevane skal gjennomføre er gjennomtenkte og rasjonelle. Elevane derimot seier at dei ikkje har erfaringar nok til å utføre gjennomtenkte og rasjonelle val på ein tilfredsstillande måte, dei skulle gjerne hatt meir tid til å skaffe seg erfaringar. Ein typisk rasjonell tankegang er å hevde at framtidig lønn vil vere avgjerande for yrkesval, likeins kunnskap om næringsliv generelt og lokale bedrifter spesielt. Elevane i denne studien veit at dei ønskjer å tene «godt nok» i framtida, men har lite kjennskap til lønnsnivået innanfor den yrkesretninga dei har valt. Dei elevane som enno ikkje har skaffa seg erfaring frå eit yrke som passar interesser og evner, har heller ikkje innsikt i næringslivet generelt eller lokalt, på tross av ulike tiltak. Det er mogleg at det ikkje eksisterer slike rasjonelle val som formalia om utdanningsval legg opp til, men at vala rett og slett er irrasjonelle (Hatch, 1997) eller tilfeldige. Formalia og elevane si oppleving av praksis er laust kopla (Meyer og Rowan, 1977)

Utdannings- og yrkesrådgjevinga som elevane deltek i har i stor grad eit vidt spekter, og tar utgangspunkt i kva utdanningsvegar som er moglege. Elevane får mykje informasjon og råd, men nokre av dei klarer ikkje å setje det i saman til å utføre «rett» val av vidaregåande utdanningsprogram. Når dei startar på vidaregåande, er dei usikre på om utdanningsprogrammet er rett for dei, og informasjonen som dei har om andre utdanningsprogram blir vurdert mot det som dei går på. Ulikt erfaringsgrunnlag blant elevane fører til store forskjellar på korleis dei opplever valet av vidaregåande utdanningsprogram. Dei elevane som har ønske, oppfatningar og erfaringar som er ein god match med eit utdanningsprogram, har heller ikkje vurdert andre utdanningsprogram i same grad som dei usikre, derfor er det grunn til å seie at desse elevane eigentleg ikkje har gjennomgått same valprosess. Dei tar i bruk det som Nils Brunsson (2007) kallar avgjerdirrasjonalitet. Dei går ikkje igjennom den prosessen der dei vurderer dei motstridane alternativa, ein prosess som ifølgje Brunsson skaper tvil og lite tryggleik, og har negative konsekvensar for motivasjonen og handlingsvilja (Brunsson, 2007; Hatch,



1997). I staden fokuserer dei på eit utdanningsprogram og på dei positive konsekvensane av dette valet. På denne måten får dei auka motivasjonen og oppslutninga for å utføre handlinga. Forståinga av avgjerdirrasjonalitet kan vere viktig å ta med seg inn i rådgjevingsaktivitetar, for å hjelpe elevane til å få ei kjensle av å utføre «rett» utdanningsval, og dermed også auke motivasjonen og oppslutninga for det valet dei har gjort.

Gjennom utdannings- og yrkesrådgjevinga har elevane deltatt på ulike aktivitetar som har til hensikt å gi elevane kompetanse til å utføre gode utdanningsval. Informantane i intervjuet har god kjennskap til innhaldet i dei praktiske aktivitetane og dei aktivitetane som har vore ein kombinasjon mellom praktisk aktivitet og informasjon. Dei aktivitetane som berre har formidla informasjon, hugsar dei lite eller ingenting av. Det ser ut som elevar som vurderer ei utdanning eller eit yrke, kan få mykje informasjon om både framtidige arbeidsmoglegheiter, lønn, ønska dugleikar, kunnskap og haldningar. Men utan å få prøve ut sjølve faget har elevane utfordringar med å seie om det er rett val for dei. Manglande erfaringar gjer at nokre av elevane ikkje har den tilstrekkeleg kompetanse til å ta utdannings- og yrkesval slik som forskrift til Opplæringslova (2006) § 22-3 tar sikte på at dei skal ha.

John Krumboltz sin sosiale læringsteori tar utgangspunkt i at ein lærer gjennom observasjon og direkte erfaringar (Andreassen et al., 2008; Krumboltz et al., 1976), også Lars Birkemo (2007) set også fokuset på erfaringsbasert kunnskap og positive effektar av erfaringa. Det er derfor grunn til å spørje seg kor god samanheng desse tydelege teikna på behov for erfaringar har med den aukande bruken av IKT i rådgjevingsarbeid. Både OECD (2014) og den nasjonale kartlegginga av unge sine utdannings- og yrkesval (Holst et al., 2015) viser til at bruk av IKT i rådgjevinga er lurt, og at unge bruker IKT i prosessen med å utføre sine utdanningsval. Dette bekreftar også informantane mine, men bruken ga forskjellige utslag for forskjellige elevar. Elevane som var trygge i sine utdanningsval på førehand, brukte IKT til å stadfeste vala sine. Dei usikre seier at dei tok i bruk IKT, men det gjorde dei endå meir usikre. Dei blei meir usikre fordi dei fann meir informasjon dei måtte ta med i refleksjonane sine. Det er ikkje sikkert at uendelig tilgang til informasjon, er det same som god rådgjeving, og det er nok grunn til å vere bevisste på korleis IKT i rådgjevinga skal nyttiggjerast når det gjeld elevar som skal velje vidaregåande opplæring. Ein kan for eksempel ta i bruk IKT-rådgjeving i samband med andre rådgjevingsaktivitetar som arbeidsveke eller jobbskygging, der ein set informasjonen i samanheng med

erfaringar, men ikkje la elevane forsvinne bort i ei mengde valmoglegheiter som gjer dei meir usikre og umotiverte. Kapasiteten til å vurdere desse moglegheitene er avgrensa når erfaringsgrunnlaget hos elevane er lavt.

Nokre av rådgevingsaktivitetane blir gjennomførte i samarbeid med arbeidslivet, og ein del elevar har vikarierende føremål med desse aktivitetane. Elevane ønskjer å vise seg fram for den delen av arbeidslivet der det er mogleg å få kvelds-, helge- og sommararbeid. Dei får på denne måten arbeidserfaring, men dei er sjølve tydelege på at den erfaringa ikkje er relevant for utdanninga dei ønskjer å ta. Alle arbeidserfaringar er med på å styre vidare utdanningsval, elevane har fått erfaringar til dømes i samarbeid, plikter og rettar i arbeidslivet. I mine data er det dei usikre informantane som har hatt vikarierende hensikter med rådgevingsaktivitetane. For skulen er det derfor eit godt utgangspunkt å diskutere med eleven om innhaldet i aktiviteten stemmer overeins med interesser, dugleikar og verdiar. Arbeidslivet må på si side sjå på moglegheitene for kvelds-, helge- og sommararbeid innanfor sin bransje. Slikt arbeid kan vere ein fin rekrutteringsarena av framtidig arbeidskraft, og det kan bidra til at ein får eit betre samarbeid med skulane.

## 7.2 Samarbeid rundt elevar sitt utdanningsval

I følge forskrift til Opplæringslova (2006) § 22-3 skal skulen leggje til rette for å trekkje inn ekstern kompetanse i utdannings- og yrkesrådgjevinga, i den grad det er hensiktsmessig og mogleg. Viktigheita av samarbeid mellom skulen og arbeidslivet blir påpeika i Stortingsmelding 44 *Utdanningslinja* (2009), eit tett samarbeid mellom skule og næringsliv er ein føresetnad for at næringslivet sine behov blir fanga opp og ivaretatt. Forskinga som er gjord i denne oppgåva, viser at det blir gjennomført ein del samarbeid mellom grunnskulen, den vidaregåande skulen og næringsliv, men at innhaldet og gjennomføringa av samarbeidet kunne vore betre koordinert og vore meir transparent for partane som deltek, spesielt med tanke på elevane. Mange elevar klarer til dømes ikkje å sjå at opplæringskontoret representerer næringslivet, og at det som blir formidla til dei, har samanheng med kva utdanningsprogram dei vel å starte på.

Elevane etterspør praktiske erfaringar, arbeidslivet seier at det er i stor grad opplæringskontoret som driv med utdannings- og yrkesrådgjeving mot grunnskulen og den vidaregåande skulen arrangerer aktivitetar mot ungdomsskulane som arbeidslivet ikkje kjenner innhaldet i eller deltek i.

Dei ulike organisasjonane påverkar kvarandre, men aktivitetane dei gjennomfører er laust kopla frå kvarandre og elevane sine behov (Eriksson-Zetterquist et al., 2014; Meyer & Rowan, 1977). Alle dei ulike sektorane vil nok seie dei gjer det som styresmaktene forventar, og på eit vis, gjer dei nok det. Internt i dei ulike organisasjonane skjer samspelet mellom dei planlagde strategiane, kulturelle normene og eksterne krava, som fører til at kvar og ein av dei ulike organisasjonane har rasjonelle og legitime argument for korleis dei arbeider med elevane sine utdanningsval (Christensen et al., 2010; Meyer & Rowan, 1977). Men arbeid med utdannings- og yrkesrettleiinga bør også ha ei tverrsektoriell tilnærming (Arbeids- og sosialdepartementet, 2006; Kunnskapsdepartementet, 2006). Forskingsfunna i denne studien viser at arbeidet med utdanningsval ikkje er koordinert godt nok mellom dei ulike sektorane. Det kan sjå ut som dei ulike organisasjonane samarbeider og gjennomfører utdannings- og yrkesrådgjevinga utifrå kva som er hensiktsmessig for den enkelte organisasjonen, ikkje for eleven. Styresmaktene seier at eleven har rett på utdannings- og yrkesrådgjeving, rådgjevinga skal ta utgangspunkt i elevane sine interesser, dugleikar, verdiar, evner og anlegg. Organisasjonane som skal utføre rådgjevinga, tilpassar seg oppgåva dei skal utføre, men dei tilpassar og modifiserer innhaldet slik det passar inn i eigen kontekst, sjølv om det ikkje er slik det er meint frå dei som utarbeidde lovverk og forskrifter. Det er ei laus kopling mellom kva som er forventa og det som elevene møter når det gjeld utdannings- og yrkesrådgjeving (Eriksson-Zetterquist et al., 2014; Meyer & Rowan, 1977; Powell & DiMaggio, 1991). Både lovverk og andre offentlege utgreiingar tillèt denne lause koplinga så lenge dei formulerer seg med omgrep som «bør», «der det er hensiktsmessig» og «i den grad mogleg» med tanke på samarbeid kring utdanningsval mellom ulike aktørar. På denne måten blir det å knyte til seg eksterne samarbeidspartnarar i utdannings- og yrkesrådgjevinga avhengig av den profesjonelle kapitalen (Hargreaves & Fullan, 2016; Irgens, 2016) skuleorganisasjonen har om temaet utdanningsval.

Nyinstitusjonell teori (Irgens, 2016 s. 146-147) viser, i samsvar med resultatane frå denne studien, at skulen blir utsett for press frå omgivnadane, og at ein må tilpasse seg. Skulen sine føresetnadar for samarbeid internt, og med eksterne partar, om utdannings- og yrkesrådgjevinga er avhengige av skuleorganisasjonen sin interne struktur-, human- og relasjonskapital (Irgens, 2016) eller det som Hargreaves og Fullan (2016) kallar profesjonell kapital. Det er skulen som skal legge til rette for å trekke inn ekstern kompetanse (Forskrift til opplæringslova, 2006). For å få til eit godt samarbeid rundt

utdanningsval er skulen derfor avhengig av både skuleorganisasjonen og den enkelte lærar sin kapital for å tilknytte seg dei rette eksterne personane som kan medverke til å skape eit samarbeid kring utdanningsval som gagnar elevane . Forsking på rådgjeving i skulen har også påpeika viktigheita av nettverk i rådgjevingsarbeidet (Buland et al., 2011).

Arbeidslivet seier at dei føler at spesielt ungdomsskulane har lite kjennskap til kva dei gjer på, og dei er tydelege på at ein klarer ikkje å samarbeide med skular utan at lærarane ønskjer dette. Når dei samarbeider med ungdomsskulane, saknar dei også tidvis målsetjing med samarbeidet. Samtidig viser denne studien at dei elevane som har erfaringar, bestemmer seg tidleg for kva veg dei ønskjer å gå og kjem seg betre igjennom utdanningsvalet.

Arbeidslivet trekkjer blant anna fram YFF og TAF når dei snakkar om gode samarbeid mellom skule og næringsliv. Dette er programfag og vidaregåande utdanningsprogram der lærarane har kompetanse som er lik arbeidslivet, og ein har derfor gode føresetnadar for å få til gode relasjonar. Rådgjevar eller andre personar i ungdomsskulen har ofte ikkje denne kompetansen, og dei må ha eit breiare perspektiv enn dei vidaregåande utdanningsprogramma. Dette kan vere eie av årsakene til at næringslivet føler manglande kontakt med ungdomsskulen, og det forsterkar behovet ein har for å få til nettverk. Mange rådgjevarar seier at det er vanskeleg å få frigitt elevar frå undervisning til rådgjevingsaktivitetar (Buland et al., 2011). Faglærarane på ungdomsskulen ønskjer naturleg nok, å formidle viktigheita av sine fag til elevane, og det er grunn å tru at det i faga er lite fokus på framtidige yrkesmoglegheiter. Dette kan komme av manglande kunnskap om næringslivet, sidan det er få lærarar frå grunnskulen som har erfaring frå næringsliv. Det kan vere vanskeleg å sjå nytteverdien av samarbeid med arbeidslivet for sitt fag og for eleven si utvikling i samanheng med heile læreplanverket. Samarbeid om elevar sitt utdanningsval krev profesjonell kapital både hos den enkelte læraren, og i skuleorganisasjonen som må samarbeide både internt og eksternt for å hjelpe elevane med sine utdanningsval.

### 7.3 Arbeidslivsfaget, ei moglegheit

Arbeidslivsfaget blei innført som fag i ungdomsskulane frå skuleåret 2015/2016, og ungdomsskulane kan tilby det i staden for språkleg fordjuping, men skulane skal sjå det i samanheng med behovet og om det finst nok ressursar (Kunnskapsdepartementet, 2014). Av mine informantar var det berre 3 av 13 som kjente til dette faget, ingen av elevane. Det er kanskje ikkje unaturleg i og med at det eit nytt fag eller at det har eit anna namn hos elevane, men at det ikkje har vore diskutert med arbeidslivet var uventa når regionen manglar faglært arbeidskraft. Arbeidslivet er tydelege i sine tilbakemeldingar på at dei ønskjer kontakt med ungdomsskulane, og at kontakten bør ha formelt utgangspunkt, Arbeidslivsfaget kan vere denne moglegheita. Nova sin forskingsrapport som evaluerte pilotprosjektet som starta i 2009 rapporterte om fornøgde elevar og lærarar, og at dei som var mest fornøgde gjennomførte delar eller heile faget utanfor skulen (Bakken et al., 2013). Kvifor er ikkje Arbeidslivsfaget kjent blant informantane når det har så positive hensikter? Faget er relativt nytt i skulen, og det tar tid å få til endringar i offentlege institusjonar (Christensen et al., 2010). Motargumentet til dette er at faget har vore køyrt i skulen som ein pilot sidan 2009, og det har vore god tid på å sette seg inn i faget. Eit anna argument for å ikkje starte faget, er at det er frivillig for skulane å tilby. Dette betyr at skulane må vurdere behovet for faget og om dei har ressursar. Er det kommunen, skulesjef, rektor eller lærarane som avgjer kva behovet er, eller er det elevane og arbeidslivet? Arbeidslivet seier at dei ønskjer seg ung arbeidskraft og meir kontakt med ungdomsskulane, og elevane seier at dei ønskjer erfaring frå arbeidslivet. Utifrå desse tilbakemeldingane kan det opplevast underleg at skulen ikkje har diskutert moglegheitene med arbeidsliv og elevar. Å ikkje i verksette arbeidslivsfag har liten samanheng med politiske føringar om at det skal vere eit tett samarbeid mellom skule og næringsliv slik at næringslivet sine behov blir fanga opp og ivarettatte (Kunnskapsdepartementet, 2009). Eg har ikkje data som seier noko om kvifor Arbeidslivsfaget ikkje er innført, og det er nok gode argument både for og imot, men det viser tydeleg behovet for *profesjonell kapital* retta mot utdanningsval og elevar sitt yrkesval. Komponentane i profesjonell kapital, human-, relasjon-, og avgjerdkapital, heng saman og forsterkar kvarandre (Hargreaves & Fullan, 2016, s. 108). I tilfellet med Arbeidslivsfaget kan det sjå ut som det har vore tatt ei avgjerd utan at det heng saman med resten av omgrepet.

Forsking på arbeidslivsfaget oppmodar om å flytte delar eller heile faget frå skulen og ut i lokalmiljøet (Bakken et al., 2013). Gjennom samarbeid mellom grunnskulen, den vidaregåande skulen og arbeidslivet er det ein større sjanse for å klare dette, enn om

grunnskulen skal utføre det på eigenhand. For å få det til, vil det krevje koordinering og leiing, men ein må prøve å utnytte den profesjonelle kapitalen i dei ulike organisasjonane. Mine data viser at hospitering hos vidaregåande skular var positivt, der arbeider elevane frå ulike skulenivå i lag. I tillegg bør det vere mogleg å få til utplasseringar i arbeidslivet, særleg med tanke på at arbeidslivet ønskjer framtidige lærlingar med interesse for yrket, fordi dei meiner at arbeidstakarar med interesse for arbeidet på sikt blir dei beste. Elevinformantane seier at det må vere ei form for fri vilje når dei skal delta på aktivitetar som skal gi dei kompetanse i å utføre gode utdannings- og yrkesval. Ein kombinasjon mellom arbeid på skulen, hospitering i vidaregåande og utplassering i arbeidslivet, der elevane får vere med å bestemme innhald, vil kunne føre til betre kompetanse hos elevane når dei skal utføre sine utdannings- og yrkesval. Ein får involvert interessentane i den same formelle aktiviteten, og da får ein betre innsikt i kvarandre sine utfordringar og arbeidsmåtar.

#### 7.4 Lover og forskrifter

Gjennom denne studien har det vorte tydeleg at mange elevane må utføre eit val av vidaregåande utdanningsprogram før dei er klar for det. Teoriar om karriereval er tydelege på at ein må ha kunnskap om seg sjølv, arbeidslivet og erfaringar for å kunne utføre gode karriereval (Birkemo, 2007; Krumboltz et al., 1976; Svendsrud & Hagerup, 2011) For mange av dei går dette bra, og dei gjennomfører vidaregåande utdanning, og har dermed alle moglegheiter opne. Verre er det for dei som ikkje klarer å fullføre vidaregåande utdanning, eller har funne ut at dei ønskjer ei anna vidaregåande utdanning og ungdomsretten er brukt opp (Opplæringslova, 1998). Kvart år ser ein slike søkjarar til vidaregåande utdanning, dei er motiverte og ønskjer å fullføre, men får det ikkje på grunn av lovverket og økonomisk grunnjevne avgjerder hos skuleeigar. Dette stemmer ikkje overeins med læring i eit livslangt perspektiv. Det kostar pengar å drive skule, men samtidig må menneske komme i arbeid for at samfunnet skal fungere. Vi har eit lovverk som på mange måtar legg opp til at det er ein risiko for å mislykkast med utdanningsvalet sitt, ein risiko for å miste ungdomsretten og risiko for å ikkje kunne fullføre på grunn av at ein ikkje får seg læreplass. Det bør vere mogleg å finne gode løysingar som både hjelper eleven og samfunnet. I 2018 blei ei slik løysing lansert, elevane som hadde fullført Vg1 Studiespesialiserande kunne starte på ei Vg2 yrkesfagleg utdanning (Utdanningsdirektoratet, 2018a). Kanskje kunne denne ordninga vore utvida til å gjelde

også elevar som har fullført Vg3 Studiespesialiserande eller tilstrekkeleg med fag i løpet av tre år, og at dei fekk utvida utdanningsrett også til læretid. Eit anna forslag kan vere å opne ei moglegheit for at 10% av elevane på eit vidaregåande utdanningsprogram, kan vere over 24 år om det er behov for arbeidskraft innanfor utdanningsprogrammet. Det finst mange gode opplæringsordningar i Noreg, som til dømes praksiskandidatordninga (Opplæringslova, 1998§ 3-5) og 23/5 regelen til høgare utdanning (Samordna opptak, 2019), men det er kanskje behov for fleire. Dette har også Liedutvalet fokus på i sitt arbeid, som går føre seg no, der dei ser på vidaregåande opplæring i Noreg. (NOU 2018:15, 2018). Teori om karriereval peikar på viktigheita av erfaringar når ein skal utføre utdanningsval (Birkemo, 2007; Krumboltz et al., 1976), og forskning på arbeidsmarknadsstilknytninga viser viktigheita av å fullføre vidaregåande utdanning (Falch et al., 2010). Å gi personar som ønskjer ein ny sjanse innanfor vidaregåande opplæring, kan føre til gode utdanningsval og fast arbeid. Det er viktig for både individ og samfunn.

## 8.0 Oppsummering av problemstilling og avslutning

Dette kapittelet vil komme med ei oppsummering av problemstillinga i oppgåva, sett i lys av dei tre perspektiva; *det politiske, elevane og arbeidslivet*, som dette studiet har tatt for seg. I tillegg vil det bli presentert ein konklusjon på korleis ein kan arbeide med temaet utdanningsval i skulen, og kva fokusområda bør vere i framtida.

### 8.1 Det politiske perspektivet.

Opplæringslova § 3-1 (1998) gir elevar rett til vidaregåande utdanning og ein rett til utdannings- og yrkesrådgjeving. Dette viser eit sterkt politisk ønskje om å ha ei befolkning som står rusta for dei utfordringane som kjem. Kompetansen til folket er den viktigaste faktoren for framtidig vekst (Isaksen, 2017). Utdanning vil også motverke sosial skilnad og hjelpe den enkelte til å ta del i samfunnet. Når mange elevar ikkje klarer å gjennomføre den vidaregåande utdanninga si, blir det ei utfordring fordi det blir større sosial skilnad, og dei klarer ikkje ta del i samfunnet på ein god måte (Kunnskapsdepartementet, 2016). I tillegg forventar ein ei kunnskapsbasert framtid, med eit fokus på endringskompetanse og livslang læring . At ein stor del av befolkninga ikkje har nødvendig kompetanse for framtida, vil føre til utfordringar både for individ og samfunn (Kunnskapsdepartementet, 2017b).

I lovverk, stortingsmeldingar og andre offentlege dokument finn ein eit spenningsfelt mellom individet og samfunnet. Dette spenningsforholdet kan gå på verdiar og interesser eller ønske og krav. Slik som eg oppfattar det, er ei av hovudoppgåvene til utdannings- og yrkesrådgjevinga å redusere dette spenningsfeltet. Ungdomane skal velje utdanningar som er i tråd med eigne ønske og interesser, samtidig som utdanninga skal gi dei gode sjansar i arbeidslivet. Om ein skal lykkast med dette, må elevane få kjennskap til arbeidslivet og kva framtidsbehov dei har. Den siste tida har det blitt eit tydelegare fokus på at elevane skal utvikle sin eigen kompetanse i å gjere gode og reflektere utdanningsval, dei skal forstå konsekvensen av dei vala dei tar (Forskrift til opplæringslova, 2006§ 22-3). I den nye overordna delen av læreplanverket blir folkehelse og livsmeistring eit eige tverrfageleg tema. Elevane skal utvikle kompetanse i ansvarlege livsval (Utdanningsdirektoratet, 2018b). Både OECD (2014) og politiske dokument er tydelege på at Noreg kjem til å mangle arbeidskraft innanfor ulike yrkesgrupper i framtida (Isaksen, 2017; Utdanningsdirektoratet, 2015a). Ei av løysingane som er lansert for å hjelpe på denne utfordringa, er nettbasert rådgjeving, der elevar og andre får ei nøytral og framtidsretta rådgjeving (Utdanningsdirektoratet, 2018c).



Denne studien viser at fleire offentlege dokument og tiltak som omhandlar utdanningsval, tar utgangspunkt i at elevane enten er rasjonelle aktørar eller at tiltaka kan hjelpe dei med å bli det (Forskrift til opplæringslova, 2006; Utdanningsdirektoratet, 2015b). Likevel, viser denne studien, at det ikkje har så mykje å seie kor rasjonelt eit menneske er i sine val viss det ikkje har praktiske erfaringar frå dei alternativa ein skal velje i mellom, og når det i tillegg er andre aspekt, som ikkje har med framtidig yrke å gjere, som også er med og påverkar utdanningsvalet.

## 8.2 Elevar sitt perspektiv

Elevane sitt perspektiv på utdanningsval er prega av at dei har vore elevar i skulen 2/3 av levetida si. Studien viser at det er tidlegare skuleerfaringar som påverkar dei mest, og interesser kjem som nummer to. Den kjennskapen dei har til eigne evner og dugleikar har komme gjennom aktivitetar som dei har deltatt i på skulen eller på fritida. Fleire informantar peikar på at det var viktig for dei å kunne fortsette å kombinere skulegang og fritidsaktivitetar når dei valde vidaregåande skule og vidaregåande utdanningsprogram. Ein del elevar har vore heldige med interesser eller oppvekstvilkår i forhold til utdanningsvala sine, som til dømes at dei er interesserte i musikk og har gjennom den interessa fått kjennskap til elektrofaget ved å bruke forsterkarar og høgtalarar. Dette medfører at nokre elevar bestemmer seg tidleg for kva utdanningsval dei ønskjer å gjere, medan andre har utfordringar med å bestemme seg og fortsatt er usikre etter at dei har bestemt seg. Elevane deltek på ulike rådgjevingsaktivitetar som skulen arrangerer i lag med samarbeidspartnarar.

Høgt opp blant aktivitetar som har hatt noko å seie for elevar deira utdanningsval, kjem hospitering og informasjon frå vidaregåande skule, og det trur eg kjem av at det er nærmast i tidshorisont. Det er valet av vidaregåande utdanningsprogram som står for tur, og det er det dei er motiverte for. Informantane er også tydelege på at utplassering i næringslivet kan vere nyttig om dei får positive opplevingar og erfaringar. Det er ikkje nok med utplasseringar, utplasseringa må også opplevast som relevant, og ein må lære noko. Informantane har også opplevd at dei ikkje passar innanfor det fagfeltet dei har vore utplasserte, det er også ei erfaring som dei tar med seg. Når rådgjeving blir formidling av informasjon, opplever dei fleste elevane ikkje den som like relevant som erfaringar dei har fått gjennom praktiske aktivitetar. Dei hugsar lite av innhaldet i den informasjonen som er blitt gitt. Studien viser også at informantane i liten grad opplever at foreldre og venner påverkar valet av vidaregåande utdanningsprogram, men at foreldra er ein viktig

støttespelar i prosessen. Foreldra kan også legge føringar for kva utdanningsprogram dei kan velje, men det går til dømes på at dei ikkje får bo på hybel. Rådgjeving via internett kan vere til hjelp for refleksjon, men om det blir for mykje informasjon, blir det vanskeleg å forhalde seg til.

### 8.3 Arbeidslivet sitt perspektiv

Arbeidslivet er tydelege på at det er viktig for dei at elevar sine utdanningsval er i tråd med den kompetansen som dei har behov for. For å lykkast med dette, må arbeidslivet engasjere seg i skulen sitt innhald og skulen bør vere kjent med kva som skjer i arbeidslivet. Skal ein lykkast med samarbeid mellom skule og arbeidsliv, er ein ifølgje arbeidslivet, avhengig av at lærarane eller skuleleiinga er positive til å samarbeide med arbeidslivet. Samarbeid mellom skule og arbeidsliv bør vere formelt og ha tydeleg formulerte opplæringsmål. Når ein spør arbeidslivet om dei har deltatt i gode samarbeid mellom skule og arbeidsliv, trekker dei fram aktivitetar eller utdanningsprogram som har fokus på arbeidslivet sine behov og har tydelege opplæringsmål. Aktivitetane som blir trekte fram, er utdanningsprogrammet TAF og utplassering i faget YFF på vidaregåande utdanningsnivå. Når det gjeld samarbeid med ungdomsskulen samarbeider ein om utplassering av elevar og andre rådgjevingstiltak. Men i desse aktivitetane er det ikkje like tydelege opplæringsmål, og delar av dette arbeidet er utført av samarbeidspartnarar som opplæringskontor og næringsforum i kommunen. Arbeidslivet arbeider mot det politiske nivået for å sikre dei rekruttering i framtida, både for å ivareta lærlingordninga og andre utdanningsordningar, men dei kjem også med innspel om dimensjonering av og innhald i utdanningsprogram.

### 8.4 Konklusjon

Problemstillinga i oppgåva er korleis kan ein forstå utdanningsval frå ulike perspektiv? Det er mange aktørar som har interesse i korleis elevar utfører sine utdannings- og yrkesval. Det politiske perspektivet er opptatt av å ta vare på og utvikle velferdsstaten der alle bidreg med sine evner og anlegg slik at ein får vidare vekst. I framtida vil arbeidslivet vere drive av kunnskap, og befolkninga må inneha endringskompetanse for å tilpasse seg krava i arbeidslivet. I tillegg er dei politiske føringane opptatte av at individet skal utføre utdanningsval som er i samsvar med interesser, verdiar, evner og anlegg, slik at ein får fornøgde personar som er aktive samfunnsdeltakarar. Utfordringane som det politiske systemet ser, er at mange ikkje fullfører utdanninga si, og at enkelte bransjar har

utfordringar med å skaffe nok fagfolk. OECD er tydeleg på dette i sin rapport om Norge frå 2014, og tilrår staten å ta i bruk intensiv for å rekruttere til desse bransjane.

Arbeidslivet er også opptatt av å rekruttere elevar med den kompetansen som dei treng. For å få til dette ønskjer dei å samarbeide med skulen om rådgjevingsaktivitetar, men dette samarbeidet er avhengig av at skulen ønskjer dette. Formelle samarbeid er å føretrekkje fordi det er enklare å legge premissane for den typen samarbeid. I tillegg må elevane ha interesse for det arbeidet som møter i arbeidslivet. Medarbeidarar som har interesse for det dei arbeider med, blir gjerne nøkkelpersonar. Arbeidslivet seier at mange elevar manglar innsikt i kva arbeid og moglegheiter som finst lokalt, og skal dei få dette, må det skje gjennom praktiske aktivitetar. Elevane sitt perspektiv er todelt, der det er dei elevane som har ein plan for utdannings- og yrkesvalet sitt og dei som er usikre. Dei elevane som er sikre, har tilstrekkeleg med erfaringar som passar til eit utdanningsprogram, medan dei usikre saknar desse erfaringane. I tillegg så ser ein elevar vel vidaregåande utdanning utifrå individuelle faktorar og at desse faktorane stemmer godt overeins med det som politiske perspektivet ønskjer, som interesser, verdiar, evner og anlegg. Ungdommane har utfordringar med å sjå utdanningsvalet sitt i eit framtidsperspektiv og blir i liten grad så rasjonelle som det politiske perspektivet legg opp til at dei skal vere.

Hensikta med å finne ut av ulike perspektiv var å framskaffe kompetanse om korleis skulen kan samarbeide med eksterne aktørar for å betre utdannings- og yrkesrådgjevinga i skulen, og at denne kompetansen kan vere med på å hindre fråfall. I den samanhengen vil eg trekke fram at det er viktig for skulen å legge til rette for at elevar får praktiske erfaringar som kan vere til hjelp i prosessen. For å klare dette, må ein få til samarbeid mellom grunnskulen, den vidaregåande skulen og arbeidslivet, slik at elevane får prøve ut innhaldet i ulike utdanningsprogram og yrke. Erfaringar vil kunne føre til at elevane kan utføre utdanningsval som er realistiske og som stemmer overeins med både interesser, verdiar, evner og anlegg, og den arbeidskrafta samfunnet etterspør.

Dette forskingsarbeidet har gitt meg eit innblikk i korleis dei ulike aktørane tenker kring temaet utdanningsval, og eg ser fleire ulike moglegheiter for vidare forskingsarbeid. Det som for meg verkar mest interessant no, er å følgje dei elevane som er usikre på utdanningsvala sine gjennom vidaregåande skule, lærlingkontrakt eller vidare studiar for å finne ut kva som påverkar dei til å ta dei utdannings- og yrkesvala som dei kjem til å utføre i framtida.

## Kjelde- og litteraturliste

- Aakvaag, G.C. (2008). *Moderne Sosiologisk teori*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Abelia. (u.å.). Humankapital. Henta 13.5.2019, frå <https://www.abelia.no/politikk/omstillingsbarometeret/humankapital/>
- Andreassen, I.H., Hovdenak, S.S. & Swahn, E. (2008). *Utdanningsvalg - identitet og karriereveiledning*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Arbeids- og sosialdepartementet. (2006). *Arbeid, velferd og inkludering*. (St. meld. nr.9 (2006-2007)). Henta frå <https://www.regjeringen.no>.
- Bakken, A., Dæhlen, M. & Smette, I. (2013). *Forsøk med arbeidslivsfaget på ungdomstrinnet. Sluttrapport fra en følgeevaluering* (NOVA Rapport 11/2013). Henta frå <http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjoner/Rapporter/2013/Forsok-med-arbeidslivsfag-paa-ungdomstrinnet>
- Befring, E. (2016). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Oslo: CAPPELEN DAMM AKADEMISKE.
- Birkemo, A. (1997). *Yrkesrådgiving*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Birkemo, A. (2007). Utdannings- og yrkesvalg i ungdomsalderen. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 91(03), 183-191
- Brunsson, N. (2007). *The Irrationality of Action and Action Rationality: Decisions, Ideologies, and Organizational Actions*: Oxford University Press.
- Buland, T., Mathiesen, I.H., Aaslid, B.E., Haugsbakken, H., Bungum, B. & Mordal, S. (2011). *På vei mot framtida - men i ulik fart? : Sluttrapport fra evaluering av skolens rådgivning* (SINTEF 2011-02-11). Henta frå [http://evaluering.nb.no/eval-utlevering/innhold/URN:NBN:no-nb\\_overfordokument\\_5517\\_Eval\\_0/pdf](http://evaluering.nb.no/eval-utlevering/innhold/URN:NBN:no-nb_overfordokument_5517_Eval_0/pdf)
- Buland, T., Mathiesen, I.H. & Mordal, S. (2015). *Rådgiverrollen, mellom tidstyv og grunnleggende ferdighet* (978-82-14-05793-5). Henta frå <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2432675/Endelig%20brapport%20br%25C3%25A5dgi%20verrollen%20UDF.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Christensen, T., Læg Reid, P., Roness, P.G. & Røvik, K.A. (2010). *Organisasjonsteori for offentlig sektor* (Utg. 2). Oslo: Universitetsforlaget.
- Eriksson-Zetterquist, U., Kalling, T., Styhre, A. & Woll, K. (2014). *Organisasjonsteori*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

- Falch, T., Borge, L.-E., Lujala, P., Nyhus, O.H. & Strøm, B. (2010). *Årsaker til og konsekvenser av manglende fullføring av videregående opplæring*. Henta frå [http://www.sof.ntnu.no/SOF-R%2003\\_10.pdf](http://www.sof.ntnu.no/SOF-R%2003_10.pdf)
- Forskrift til opplæringslova. (2006). Forskrift til opplæringslova (FOR-2006-06-23-724). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724?q=forskrift%20til%20oppl%C3%A6ringslova>
- Hargreaves, A. & Fullan, M. (2016). *Arbeidskultur for bedre læring i alle skoler. Hva er nødvendig lærerkapital?* (S. Sandengen, overs. Utg. 2). Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Hatch, M.J. (1997). *Organisasjonsteori. Moderne, symbolske og postmoderne perspektiver*. (K.M. Thorbjørnsen, overs.). Oslo: Abstrakt forlag.
- Holst, L.S., Rathe, L. & Pran, K.R. (2015). *Nasjonal kartlegging av unges utdannings- og yrkesvalg*. Henta frå [https://utdanning.no/sites/default/files/endelig\\_rapport\\_unges\\_utd\\_og\\_yrkesvalg\\_eter\\_presentasjon020216.pdf](https://utdanning.no/sites/default/files/endelig_rapport_unges_utd_og_yrkesvalg_eter_presentasjon020216.pdf)
- Irgens, E.J. (2016). *SKOLEN. ORGANISASJONS OG LEDELSE, KUNNSKAP OG LÆRING*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Isaksen, T.R. (2017). På vei til fremtiden. *Skolemagasinet*. Henta frå [http://magasinet.udir.no/nedlasting/skolemagasinet\\_2017.pdf](http://magasinet.udir.no/nedlasting/skolemagasinet_2017.pdf)
- Isaksen, T.R. (2018). *2018 blir yrkesfagens år*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/2018-blir-yrkesfagenes-ar/id2583726/>.
- Krumboltz, J.D., Mitchell, A.M. & Jones, G.B. (1976). A social learning theory of career selection. *The counseling psychologist*, 6(1), s. 71-81.
- KS. (2019, 07.05). Utenfor-regnskapet. frå <https://www.ks.no/utenforregnskapet>
- Kunnskapsdepartementet. (2006). *...og ingen stod igjen - Tidlig innsats for livslang læring*. (St. meld. nr.16 (2006-2007)). Henta frå <https://www.regjeringen.no>.
- Kunnskapsdepartementet. (2009). *Utdanningslinja* (St. meld. nr. 44 (2008-2009)). Henta frå <https://www.regjeringen.no>.
- Kunnskapsdepartementet. (2013). *På rett vei*. . (Meld. St. 20 (2012-2013)). Henta frå <https://www.regjeringen.no>.
- Kunnskapsdepartementet. (2014, 19.02.2014). *Arbeidslivs faget som eit alternativ til framandspråk*. . Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/arbeidslivs-fag-som-eit-alternativ-til-fr/id751477/>

- Kunnskapsdepartementet. (2016). *Fag - Fordyping - Forståelse En fornyelse av Kunnskapsløftet*. (Meld. St. 28 (2015-2016)). Henta frå <https://www.regjeringen.no>.
- Kunnskapsdepartementet. (2017a). Fleire lærlingar. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/innsiktsartikler/yrkesfagloftet/flere-larlingar/id2466569/>
- Kunnskapsdepartementet. (2017b). *Lærelyst - tidlig innsats og kvalitet i skolen*. (Meld. St. 21 (2016-2017)). Henta frå <https://www.regjeringen.no>.
- Kunnskapsdepartementet. (2018). Tettere samarbeid mellom skole og næringsliv. <https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/innsiktsartikler/yrkesfagloftet/skole-og-arbeidsliv/id2466599/>
- Kunnskapsdepartementet. (2019). Liedutvalget. Henta 1.5.2019, frå <https://www.liedutvalget.no/>
- Kunnskapsdepartementet. (u.å). Yrkesfag. Henta 03.12.2018, frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/innsiktsartikler/yrkesfagloftet/id2466567/>
- Kvale, S. (2002). *Det kvalitative forskningsintervjuet* (T.M. Anderssen & J. Rygge, overs.). Oslo: Gyldendal akademiske.
- Lillejord, S., Halvorsrud, K., Ruud, E., Morgan, K., Freyr, T., Fischer-Griffiths, P., . . . Manger, T. (2015). *Frafall i videregående opplæring: En systematisk kunnskapsoversikt* (KSU 1:2015). Henta frå [https://www.regjeringen.no/contentassets/1e632f4a6e434af2b67950dc45aa2ffe/frafall\\_rapport\\_ksu\\_e.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/1e632f4a6e434af2b67950dc45aa2ffe/frafall_rapport_ksu_e.pdf)
- Markussen, E., Sandberg, N., Lødding, B. & Frøseth, M.W. (2008). *Bortvalg og kompetanse : gjennomføring, bortvalg og kompetanseoppnåelse i videregående opplæring blant 9749 ungdommer som gikk ut av grunnskolen på Østlandet våren 2002 : hovedfunn, konklusjoner og implikasjoner fem år etter* (NIFU STEP 13:2008). Henta frå <https://nifu.brage.unit.no/nifu-bitstream/handle/11250/281968/NIFUrapport2008-13.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Meyer, J.W. & Rowan, B. (1977). Institutionalized organizations: Formal structure as myth and ceremony. *American journal of sociology*, 83(2), 340-363.
- Møre og Romsdal fylkeskommune. (2019, 19.03). Tilbod som ikkje blir sett i gong, skoleåret 2019/2020. frå <https://mrfylke.no/Politikk/Moeteplan>

- Møre og Romsdal fylkeskommune. (u.å.). Lokal intaksforskrift. Henta 13.05.2019, frå <https://mrfylke.no/Tenestoomraade/Utdanning/Elev/Soeking-og-inntak/Lokal-inntaksforskrift>
- NOU 2016:7. (2016). *Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn*  
Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-7/id2485246/sec1?q=2016:7>
- NOU 2018:15. (2018). *Kvalifisert, forberedt og motivert*. Henta frå <https://www.regjeringen.no>.
- NTB. (2018, 26.06). Her er jobbene norske bedrifter sliter med å fylle. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/norge/i/VR3dpV/Her-er-jobbene-norske-bedrifter-sliter-med-a-fylle>
- OECD. (2014). *OECD Skills Strategy Action Report Norway*. Henta frå <http://www.oecd.org/skills/nationalskillsstrategies/Diagnostic-report-Norway.pdf>
- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (LOV-1998-07-17-61). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Postholm, M.B. & Jacobsen, D.I. (2013). *Læraren med forskerblick. Innføring i vitenskaplig metode for lærerstudenter*. . Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Powell, W.W. & DiMaggio, P.J. (1991). *The New Institutionalism in Organizational Analysis*. Chicago: University of Chicago Press.
- Sahlin, K. & Wedlin, L. (2008). Circulating ideas: Imitation, translation and editing. I R. Greenwood, C. Oliver, K. Sahlin & R. Suddaby (red.), *The Sage handbook of organizational institutionalism* (s. 218-242). London: SAGE Publications Ltd.
- Samordna opptak. (2019, 28.02). 23/5 regelen. Henta frå <https://www.samordnaopptak.no/info/opptak/generell-studiekompetanse/23-5-regelen/index.html>
- Sandal, A.K. & Smith, K. (2010). Frå ungdomsskule til vidaregåande skule - elevane si stemme. *Tidsskriftet FoU i praksis*, 4(2), 25-42.
- Selznick, P. (1957). *Leadership in administration*. Berkeley. Berkeley: CA: University of California Press.
- Svendsrud, A. & Hagerup, N. (2011). Arven etter Frank Parsons. *Rådgivernytt*, 40(3 & 4), 22-26 & 22 - 23.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.

- Tjora, A. (2011). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: GYLDENDAL  
AKADEMISKE.
- Utdanningsdirektoratet. (2015a). *Læreplan for Arbeidslivsфaget på ungdomstrinnet*.  
(ARB1-02). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/ARB1-02>.
- Utdanningsdirektoratet. (2015b). *Læreplan for utdanningsvalg på ungdomstrinnet*  
((UTV1-02)). Henta frå [https://www.udir.no/kl06/UTV1-02/Hele/Komplett\\_visning](https://www.udir.no/kl06/UTV1-02/Hele/Komplett_visning).
- Utdanningsdirektoratet. (2018a, 27.08.2018). Overgang fra Vg1 studiespesialisering til alle yrkesfag på Vg2. Henta frå <https://www.udir.no/utdanningslopet/videregaende-opplaring/andre-varianter/overgang-fra-vg1-studiespesialisering-til-alle-yrkesfag-pa-vg2/>
- Utdanningsdirektoratet. (2018b). Overordnet del av læreplanverket. Henta 22.10.2018, frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/overordnet-del/>
- Utdanningsdirektoratet. (2018c). utdanning.no. Henta 11.12.2018, frå [https://utdanning.no/tema/om\\_utdanning.no/om\\_utdanning.no](https://utdanning.no/tema/om_utdanning.no/om_utdanning.no)
- Utdanningsdirektoratet. (2019). Høring - læreplan for utdanningsvalg på ungdomstrinnet. Henta 18.03, frå <https://hoering-publisering.udir.no/349>
- Utdanningsdirektoratet. (u.å.). Fagfornyelsen. Henta 17.05.2019, frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/>
